

Økonomiplan for 2026 — 2029

Kvam herad

Innhald

Økonomiplan for 2026 — 2029	1
Kvam herad.....	1
Framtidsretta?	11
Innsparingsprogram	12
Om prosessen.....	13
Val av tiltak	14
Framlegg til nye innsparingstiltak	14
Tidlegare vedtekne, ikkje realiserte innsparingstiltak	16
Vidare prosess	19
Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring	20
Endringar i budsjett og økonomiplan 2026-2029 i forhold til opphavleg budsjett	20
Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2026 -2029	21
Oversikt over innsparingar foreslått i budsjett og økonomiplan 2026 -2029	22
Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden	22
Føresetnader og risikovurdering	23
Føresetnader	24
Rammetilskot og skatteinntekter	24
Gjeld, renter, eigedomsskatt, utbytte og havbruksfond	24
Kraftinntekter	24
Lønn og sosiale utgifter	25
Innkjøp	25
Investeringar	25
Risikotabell	25
Lesarrettleiing og vedlegg	31
Budsjettvedtak	31
Framlegg til budsjettvedtak - Rådmann sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2026-2029 ..	31
Forslag til vedtak - budsjettendringar	33
Utfyllande informasjon	34
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	34

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	35
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	36
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	36
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	37
1. Investeringar i varige driftsmidlar	37
2. Tilskot til andre sine investeringar	42
3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap	42
4. Utlån av egne midler	42
Hovudtal i budsjettforslaget.....	42
Oppsummering av endringar mellom Opphøveleg budsjett 2026 etter 2.tertial 2025 og nytt forslag til budsjett 2026	43
Fordeling av heradet sine driftsinntekter i 2026.....	43
Fordeling av heradet sine driftsutgifter i 2026	46
Netto finansutgifter.....	48
Netto driftsresultat.....	49
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	50
Saldo på disposisjonsfond	50
Finansielle nøkkeltal og utvikling i planperioden	51
Sentrale inntekter.....	54
skatt på inntekt og formue.....	54
Ordinært rammtilskudd	54
Skatt på eigedom.....	54
Sentrale utgifter	54
Pensjon	55
Inntekter og finansposter.....	55
Inntekter.....	55
Gjeld, obligasjonar, renter og utbytte.....	58
Andre finanspostar	60
Kraftinntekter	61
Prosjekt i økonomiplan.....	64
Driftsprosjekt i Kvam herad.....	64
Investeringsprosjekt i Kvam herad	65
Uavklara investeringsprosjekt	65
Nye prosjekt og endra prosjekt.....	66
Framlegg til endra finansiering - eigedomskjøp.....	67
Investeringstabell for kommunen samla	67

Finans og fellespostar.....	67
Administrasjon	67
Barnehagar	67
Grunnskuleopplæring.....	67
Pleie og omsorg	68
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	68
Plan og byggesak	69
Kyrkja	69
Samferdsel.....	69
Bustad.....	70
Brann- og ulykkesvern	70
Oversikt Investering og finansiering.....	70
Samfunnsutvikling	71
Visjon	71
Mål og tiltak.....	71
Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel	71
Samfunnstryggleik og beredskap	72
Beredskapsarbeid i Kvam herad.....	74
Kompetanse, øving og læring.....	74
Ivaretaking av tilsette etter kritiske hendingar	75
Samvirkeaktørar	75
Beredskap kostar - uklare forventingar til kommunane	76
Oppsummert	77
Organisasjon.....	77
Klimabudsjett	85
Ønska tiltak.....	88
Gebyrliste	88
Eigedomsgebyr	88
Avlaup.....	89
Feiing	90
Slamtøming	90
Vatn	90
Barnehage	91
SFO.....	91
Kulturskule.....	91

Ferieklubben.....	92
Heimetenester.....	92
Praktisk bistand	92
Dagsenter	92
Helsealarm.....	93
Varer og tenester	93
Kommunale kaier	93
Utleige kommunale bygg	93
Leige av idrettsanlegg.....	94
Leige av skulerom.....	94
Leige av symjebasseng - til idrettslag.....	94
Leige av symjebasseng - til kommunen.....	94
Brann og redning	94
Beredskap.....	95
Eksterne kurs	95
Skjenke- og salsløyve, alkohol og tobakk	96
Fyrverkeri.....	96
Avgifter ved kyrkjene	96
Utanbygds avgift (fråflytta frå Kvam for meir enn 5 år sidan)	96
Trykksaker	97
Digital eigedomsinfo.....	97
Plan- og byggesaker.....	98
1. Tenester etter medgått tid.....	99
Gebyr etter plan- og bygningslova, byggesaker	99
2. Førehandskonferanse.....	100
3. Generelle gebyrreglar for saker etter plan- og bygningslova	100
4. Dispensasjonar pbl. § 19-1,19-2,19-3, veglova.	100
5. Bustad / fritidshus pbl § 20-1 a,b	101
6. Tilbygg / påbygg / underbygg til bustad/fritidshus, pbl. kap. 20	101
7. Garasjar / naust / uthus inklusiv tilbygg pbl. kap. 20	101
8. Industri, næring, tenesteyting, off.bygg, landbruk, lager, plasthall, inklusiv tilbygg/påbygg, settefiskanlegg på land, Pbl §20-1 a, b og §§20-3 / 20-4.....	101
9. Konstruksjonar eller anlegg, Pbl §20-1 a, b og §20-4.....	101
10. Fasadeendring, pbl. §20-1 c eller §20-4	102
11. Bruksendring, Pbl §20-1 d	102
12. Rivingssaker, Pbl §20-1 e.....	103

13. Byggtekniske installasjonar, oppføring, endring og reparasjon, Pbl §20-1 f	103
14. Oppdeling eller samanføyning av brukseining i bustad, Pbl §20-1 g	103
15. Innhengning, skilt og reklame, spesielle bygg Pbl §20-1 h og i	104
16. Godkjenning av plassering av midlertidige anlegg, Pbl §20-1 j	104
17. Anlegg av veg eller parkeringsplass, Pbl §20-1 l	104
18. Delingssøknad, Pbl §20-1 m	104
19. Sletting av klausular	105
Gebyr etter matrikkellova	105
20. Oppretting av matrikkeleining/grunneigedom/festegrunn/eksisterande umatrikulert grunn/punktfeste	105
21. Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	105
22. Oppretting av anleggseigedom	105
23. Registrering av jordsameige	106
24. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	106
25. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	106
26. Gebyr for matrikulering utan oppmåling	106
27. Grensejustering og mindre tilleggsareal. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige	106
28. Arealoverføring. Grunneigedom , festegrunn og jordsameige	106
29. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	107
30. Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheitar.	107
31. Privat grenseavtale	107
32. Teknisk grensepåvisning	107
Gebyr etter lov om eigarseksjonar	108
33. Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom (Lov om eigarseksjonar §7).	108
Gebyr etter ureiningslova-/forskrift	108
34. Forureining bygg og anlegg	108
35. Utsleppsløyve	108
36. Kontrollsaker	109
Gebyr etter hamne- og farvasslova	109
37. Løyve etter hamne og farvasslova	109
Gebyr etter plan og bygningslova - plansaker	109
1. Plansaker etter plan og bygningslov	109
Gebyr etter konsesjons- og jordlov	109

Søknad om frådelling etter jordlova	109
Søknad om konsesjon etter konsesjonslova	110
Søknad om omdisponering etter jordlova	110
Frikjøp av parkeringsplass	110
Tenesteområda i kommunen	110
Finans og fellespostar.....	111
Innleiing	111
Samandrag budsjett	111
Driftsbudsjett med endringar.....	111
Fordeling på teneste (Tabell)	111
Fordeling på hovudart	112
Investeringsbudsjett.....	112
Investeringstabell	112
Styring og kontrollverksemd	113
Innleiing	113
Retning for tenesteområde i økonomiplan.....	113
Samandrag budsjett	113
Driftsbudsjett med endringar.....	114
Fordeling på teneste (Tabell)	114
Fordeling på hovudart	114
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	114
Administrasjon	116
Innleiing	116
Retning for tenesteområde i økonomiplan.....	116
Samandrag budsjett	117
Driftsbudsjett med endringar.....	117
Fordeling på teneste (Tabell)	118
Fordeling på hovudart	118
Investeringsbudsjett.....	118
Investeringstabell	118
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	118
Barnehagar	120
Innleiing	120
Retning for tenesteområde i økonomiplan.....	120
Samandrag budsjett	121

Driftsbudsjett med endringer.....	121
Fordeling på teneste (Tabell)	122
Fordeling på hovudart	122
Investeringsbudsjett.....	122
Investeringstabell	123
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	123
Grunnskuleopplæring.....	124
Innleiing	124
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	124
Samandrag budsjett	126
Driftsbudsjett med endringer.....	127
Fordeling på teneste (Tabell)	127
Fordeling på hovudart	127
Investeringsbudsjett.....	128
Investeringstabell	128
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	128
Kommunehelse.....	130
Innleiing	130
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	130
Samandrag budsjett	134
Driftsbudsjett med endringer.....	134
Fordeling på teneste (Tabell)	135
Fordeling på hovudart	135
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	136
Pleie og omsorg	138
Innleiing	138
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	138
Samandrag budsjett	138
Driftsbudsjett med endringer.....	139
Fordeling på teneste (Tabell)	140
Fordeling på hovudart	140
Investeringsbudsjett.....	140
Investeringstabell	140
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	141
Sosialteneste	143

Innleiing	143
Retning for tenestekområde i økonomiplan.....	143
Samandrag budsjett	143
Driftsbudsjett med endringar.....	144
Fordeling på teneste (Tabell)	144
Fordeling på hovudart	144
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	145
Barnevern	147
Innleiing	147
Retning for tenestekområde i økonomiplan.....	147
Samandrag budsjett	147
Driftsbudsjett med endringar.....	148
Fordeling på teneste (Tabell)	148
Fordeling på hovudart	148
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	149
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	150
Innleiing	150
Retning for tenestekområde i økonomiplan.....	150
Samandrag budsjett	151
Driftsbudsjett med endringar.....	151
Fordeling på teneste (Tabell)	152
Fordeling på hovudart	152
Investeringsbudsjett.....	152
Investeringstabell	152
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	153
Plan og byggesak	155
Innleiing	155
Retning for tenestekområde i økonomiplan.....	155
Samandrag budsjett	156
Driftsbudsjett med endringar.....	156
Fordeling på teneste (Tabell)	157
Fordeling på hovudart	157
Investeringsbudsjett.....	157
Investeringstabell	157
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	157

Kultur	159
Innleiing	159
Retning for tenestoområde i økonomiplan	159
Samandrag budsjett	160
Driftsbudsjett med endringar	160
Fordeling på teneste (Tabell)	161
Fordeling på hovudart	161
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	162
Kyrkja	163
Innleiing	163
Retning for tenestoområde i økonomiplan	163
Samandrag budsjett	163
Driftsbudsjett med endringar	163
Fordeling på teneste (Tabell)	164
Fordeling på hovudart	164
Investeringsbudsjett	164
Investeringstabell	164
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	164
Innleiing	166
Retning for tenestoområde i økonomiplan	166
Samandrag budsjett	167
Driftsbudsjett med endringar	167
Fordeling på teneste (Tabell)	168
Fordeling på hovudart	168
Investeringsbudsjett	168
Investeringstabell	168
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	169
Budsjett til trafikksikring	169
Gjennomføring trafikksikringstiltak	169
Redusert tal omkomne/alvorleg skadde	170
Redusert tal trafikkskadde 15-24 år	170
Redusert tal trafikkskadde totalt	170
Rullering trafikksikringsplan	170
Trafikksikkert herad	170
Bustad	171

Innleiing	171
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	171
Samandrag budsjett	173
Driftsbudsjett med endringar.....	173
Fordeling på teneste (Tabell)	174
Fordeling på hovudart	174
Investeringsbudsjett.....	174
Investeringstabell	174
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	174
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	176
Innleiing	176
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	176
Samandrag budsjett	177
Driftsbudsjett med endringar.....	177
Fordeling på teneste (Tabell)	178
Fordeling på hovudart	178
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	178
Brann- og ulykkesvern	180
Innleiing	180
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	180
Samandrag budsjett	181
Driftsbudsjett med endringar.....	181
Fordeling på teneste (Tabell)	182
Fordeling på hovudart	182
Investeringsbudsjett.....	182
Investeringstabell	182
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	182
Innleiing	184
Retning for tenestoområde i økonomiplan.....	184
Samandrag budsjett	184
Driftsbudsjett med endringar.....	184
Fordeling på teneste (Tabell)	185
Fordeling på hovudart	185
Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter	185

Framtidsretta?

Visjonen om at me i Kvam skal "skapa ei oppsiktsvekkjande framtid" hadde 10-årsjubileum 6. oktober 2025. Då var det 10 år sidan samfunnsplanen for 2015-2030 vart vedteken av Kvam heradsstyre. Det komande året skal me laga ein ny samfunnsplan med blikket fram mot 2040.

I heile denne 10-årsperioden har me arbeidd med mål om å laga framtidsretta tenester. Rådmannen skulle difor gjerne hatt eit utropsteikn bak tittelen på innleiinga, og kalla den "Framtidsretta!" heller enn med eit spørsmålsteikn. Eller i det minste eit punktum. No heiter det seg at det er vanskeleg å spå, særleg om framtida (sitat Niels Bhor?). Peter Drucker har uttala (i følge Copilot) at den beste måten å spå framtida på, er å skapa ho, slik me har hatt som visjon i Kvam. Men same mann har også sagt at det einaste me veit sikkert om framtida, er at ho vil vera annleis.

Og verda har vorte veldig annleis dei siste åra. Etter ein periode med internasjonalt samarbeid og fokus på å løysa klimakrisa og handtera demografiutfordringar, er me på veg inn i ei tid med opprusting av totalforsvaret, mistillit og grusomme krigar der sivile er mål. Og det som skjer internasjonalt har me fått erfara at grip rett inn i kommuneøkonomien til Kvam herad. Flyktningestraum frå krigsherja land, svingingar i kraftprisar, rente- og prisauke, og auka utgifter til beredskap må takast omsyn til når me vurderer rammer og risiko for den komande økonomiplanperioden. Samstundes er me på god og trygg avstand, og har meir kvardagslege utfordringar med alt frå korleis me skal få distribuert ut refleksane våre til innbyggjarane slik dei viser igjen i haustmørket, til korleis me skal løysa den store veksten i behov for heildøgnsomsorgsplasser dei komande 5-25 åra.

Hovudmålet i samfunnsplanen i denne 10-årsperioden har vore å vidareutvikla eit robust og pulserande regionsenter som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen. Regionsenteret har vorte styrka på ein del måtar dei siste åra, og besøkstal og opplevingsøkonomi har auka etter pandemien. Bruken av Norheimsund som knutepunkt mellom Hardanger og Bergen, har i alle fall auka. Sjølv om Turistbåten framleis ikkje klarar å stå på eigne bein, har ferjetrafikken lengre ut i fjorden, hatt vesentleg vekst. Og til tider synest nok dei som prøver å ferdast i regionsenteret når ferjebilane kjem, at det kan vera i overkant pulserande. Forhåpentlegvis vil me frå nyttår også få eit meir pulserande folkeliv midt i sentrum, når heile den vidaregåande skulen, bibliotek, kino, vaksenopplæringa og kultur- og næringsliv elles, kan ta i bruk eit heilt nytt bygg som inneheld mange møteplassar både inni og utanfor bygget.

Urbanisering og sentralisering har vore ei stor utfordring for Kvam herad som distriktskommune i svært lang tid, og var viktig i utforminga av visjon og mål i 2015. Målet om å utvikla eige regionsenter som ei motvekt og eit attraktiv alternativ til sentralisering, kan det sjå ut som me har lukkast med. Me har klart å stabilisera folketalet i kommunen og hatt vekst i regionsenteret. Men me har ikkje lukkast med styrking av heile Kvam, og ytterkantane av kommunen har folketalsnedgang.

Fram til no har nedgangsprognosane til SSB for Kvam samla, ikkje slått til. Kvaliteten på prognosane skal visst ha vorte betre. Også no viser prognosane nedgang, særleg blant yngre aldersgrupper. Dette er ein prognose som vert vesentleg vanskelegare å kjempa mot, all den tid reproduksjonstalet i Norge er på 1,44. Framover vert det ein tøffare kamp mellom kommunane om å tiltrekkja seg dei yngre aldersgruppene, og forsørgjarbrøken i ein distriktskommune kan verta vesentleg dårlegare enn landsnittet. Faren er også at dei yngste aldersgruppene kan søkja seg vekk frå distriktskommunar med ei aldrande befolkning, noko som forverrar forsørgjarbrøken og utfordringane ytterlegare. Her er alt kommunar i landet som Kinn kommune, som står midt oppi slike problemstillingar på grunn av manglande økonomiske ressursar. Dei fekk nyleg merksemd fordi dei har starta med å utfordra om ein kommune skal yta tenester der folk bur, eller om folk må flytta sentralt for å få tenestetilbod.

I Kvam har me hatt økonomiske ressursar til og politisk ynskje om å oppretthalde eit desentralisert tilbod og forfordela bemanning. Etter kvart har folketalet gått ned i ytterkantane. Økonomien har vorte verre og det har vorte vanskelegare å få bemanning til små fagmiljø. Rådmannen opplever difor at det har vorte vanskelegare og vanskelegare å oppretthalde det desentraliserte tenestetilbod og kvaliteten på tilbodet. Rådmannen har stor forståing for at det er utmattande og frustrerande å bu ei bygd der tenestetilbod stadig vert sett på "kuttlista". Me som kommune vert også utmatta og frustrert når me står i tilsvarande situasjonar ovanfor fylkeskommune, stat og næringsliv som kjem med tilsvarande "kuttlistar" på tilbod i Kvam som dei vil sentralisera.

Me har lukkast med å finna innsparingstiltak på til saman 147 mnok, og får med det eit netto driftsresultat på over 2% ved utgangen av økonomiplanen. Det er likevel ingen grunn til å redusera på trykket på innsparingar i denne eller komande budsjettår. Me har framleis store oppgåver framfor oss som vil utfordra dei prognosane me har lagt til grunn for komande økonomiplan. Ei av dei største er dreininga frå andre tenesteområde til å dekkja det aukande behovet for pleie- og omsorgstenester. Rådmannen har difor på ny fremja innsparingstiltak som inneheld kutt i tenestetilbod i ytterkantane, også denne gongen. Me har ikkje lenger tilstrekkeleg bemanning og økonomiske ressursar til å oppretthalda eit desentralisert tenestetilbod utan å gå ytterlegare ned på tenestetilbodet i sentrum av kommunen. I den tøffare kampen om yngre innbyggjarar, er rådmannen redd for at den attraktiviteten me har opparbeidd oss her, vert svekka. Rådmannen er også redd for at svekking av attraktivitet og fråflytting/manglande tilflytting skjer meir i det stille, enn merksemda me får når rådmannen fremjar nedlegging av desentralisert tenestetilbod.

Den oppmerksame lesar vil sjå at problemstillinga og valet mellom desentralisert tilbod og tenestenivå, vert omtala ved fleire høve i budsjettdokumentet. Du som lesar vil kanskje også leggja merke til at i staden for å framheva prioriteringar, utvikling og endring, har me valt tittelen "retning for tenesteområde i økonomiplan". Me går inn i ein periode der tenestetilbodet vert redusert, og prøver å kommunisera ut dette for å tetta noko av forventningsgapet organisasjonen kjenner på, opp mot kva me er i stand til å levera. Samstundes håpar og trur rådmannen at du som lesar på same måte som rådmannen, kjem til å sitja igjen med eit inntrykk av og verta imponert over det engasjementet, innsatsen og kompetansen våre tilsette har, og som dei brukar til å skapa ein attraktiv kommune med framtidsretta tenester.

God lesing, og lukke til med det vidare budsjettarbeidet!

Anita Hesthamar, rådmann

Om prosessen

Gjennom arbeidet med budsjettet for 2024 vart det klart at Kvam herad måtte i gang med eit større innsparingsprogram for å koma i økonomisk balanse. Arbeidet starta i 2024 med fokus på å finna tiltak som skulle svara ut spørsmålet “Korleis kan me saman skapa ein attraktiv arbeidsplass som leverer framtidsretta tenester, med færre ressursar enn me brukar i dag”? Målet var å finna tiltak som gjorde “minst vondt”, som var berekraftige og som gjekk minst utover attraktivitet som kommune og arbeidsgjevar. Det viste seg å vera vanskeleg finna og få godkjent tilstrekkeleg med tiltak. Vidare erfarte me at alle tiltaka ikkje lot seg gjennomføra slik som dei var tenkt, samstundes vart dei økonomiske utfordringane større. Våren 2025 starta me med ei anna vinkling på arbeidet, med å kartleggja såkalla “ikkje-lovpålagte-tenester”. Det var fleire utfordringar med denne arbeidsmetoden:

- ikkje openbart kva som er lovpålagt
 - ei oppgåva kan vera lov-pålagt, men det er ikkje nødvendigvis sagt noko om omfang
 - ei stilling kan innehalda både lov-pålagte og ikkje-lovpålagte oppgåver
- det som er lov-pålagt å gjera, er ikkje nødvendigvis beste måten å driva ein kommune på
 - t.d. er ikkje nødvendigvis lov-pålagt bemanningsnorm beste prioriteringa av ressursar innan ein kommune
- det var eit omfattande arbeid
- det skapte uro i organisasjonen

Det var likevel ei nyttig erfaring som fekk fram nokre nye innsparingstiltak. Lista over tenester, oppgåver og nivå som ikkje er lov-pålagte vart i hovudsak utarbeidd av leiargruppene i dei ulike einingane. Tiltaka vart i liten grad utarbeidd på tvers av einingar/avdelingar, men gjennomgått i leiargruppa til rådmannen. Tiltak som vart lagt fram, var vurdert ut frå:

- Økonomisk risiko for at tiltaket fører til meirkostnad i andre budsjett, og forsøkt å unngå dette i så stor grad som mogleg. I nokre høve, som ved strukturendring, kan det også gje mindre kostnad i andre einingar/avdelingar.
- Konsekvensar for brukar og lokalsamfunn og attraktiviteten til kommunen
- Konsekvensar for medarbeidarar og attraktiviteten som arbeidsgjevar.
- Kor enkelt/vanskeleg tiltaket er å gjennomføra.

Samstundes som me utarbeidde denne lista, så starta også KS Konsulent AS (KSK) opp sitt arbeid med [“Mulighetsrom for innsparinger”](#) der Kvam herad vart samanlikna med andre kommunar som dreiv tenestemråde rimelegare enn i Kvam. På grunn av at det hasta å koma i gang med innsparingstiltak, gjekk dei interne innsparingsprosessane og arbeidet med KS Konsulent AS, parallelt. Før rapporten var ferdigstilt hadde me ei rekkje tiltak i programmet:

Tiltak	2025	2026	2027	2028	2029
Vedtatt og realisert	18	20	31	42	42
Vedtatt og ikke realisert	17	42	53	56	56
Sum	35	62	84	98	98

Målet for innsparingsprogrammet har etter kvart vakse til mellom 100-150 mnok for å få ei berekraftig utvikling. KSK-rapporten viste at samanlikna med landet utan Oslo og kommunane Øygarden, Alvdal, Enebakk og Nannestad, hadde me eit teoretisk potensiale for innsparingar frå 127 mnok til 218 mnok, basert på KOSTRA-tala for 2024. I samarbeid med dei ulike einingane i kommunen, utarbeidde KSK ei lista på 127,3 mnok med framlegg til ulike tiltak for å ta ned driftsnivået i kommunen.

Val av tiltak

Av lista på 127,3 mnok har rådmannen plukka ut og tilrådd nye innsparingstiltak på opp til 58,3 mnok fram til 2030. Til fråtrekk kjem tidlegare generelle tiltak på 8,7 mnok. Det vil seia at det ligg inne framlegg til nye, netto innsparingar på 49,6 mnok i tillegg til det som er vedteke tidlegare. Dersom alle tiltaka let seg gjennomføra, vil økonomien koma i balanse frå og med 2027.

Sjølv om rådmannen sitt framlegg til økonomiplan no viser eit "overskot" frå 2027, er det eit naturleg spørsmål kvifor det er lagt inn tiltak på 58,3 mnok og ikkje heile lista på 127,3 mnok. Det er fleire grunnar til det:

- For nokre av samanlikningane trengst det grundigare undersøkingar for å finna ut kvifor skilnadane er så store.
- Det er sannsynleg at der skilnadane er store, føreset fleire av tiltaka strukturendringar. Dette er noko som av erfaring tek tid å gjennomføra, ikkje let seg gjennomføra og/eller ikkje er politisk vilje til å gjennomføra.
- 17 mnok er sektorovergripande tiltak. Her er til dømes omtala innsparingar knytt til utanforskap og reduksjon i sjukefråvær. Begge deler kjem som ein følge av komplekse forhold som tek mangfaldig og langvarig innsats å forbetra. Dei tiltaka me vel no, må vera så konkrete som mogleg. Samstundes arbeider me breitt for å få ned utanforskap og sjukefråvær, men eventuelle positiv økonomisk effekt får heller koma som resultat av eit meir langsiktig og systematisk arbeid, og som ein bonus.
- Nokre tema kan vera kostnadskrevjande å utgreia, og det kan gå lang tid før inntening, som betalingsløyisingar for parkering.
- Andre tiltak krev endringar i forskrift el.l. som at fastlegeoppgåver kan overførast til sjukepleiarar.

Ut frå rapporten til KSK, ligg det særleg potensiale til ytterlegare innsparingar på dei store tenestene i pleie og omsorg. Når rådmannen ikkje har lagt inn større innsparingar her, er det fordi desse også avheng av endringar i strukturen. Dette tek tid å få endra på, og rådmannen er usikker på kor mykje me klarar å få realisert dei næraste åra. På den andre sida er det tiltak som på sikt vil pressa seg fram på grunn av tilgang på bemanning. Rådmannen legg fram ei eiga sak om utbyggingsbehovet for heildøgns plassar, som tek opp sentrale tema om utvikla på tenestområdet.

Framlegg til nye innsparingstiltak

Tabellen viser framlegg til nye innsparingstiltak. Dei fleste framlegga har bakgrunn i KS sin rapport "Mulighetsrom for innsparingar". Tidlegare vedtekne, men generelle innsparingstiltak er tilbakeført/rekna mot dei nye. Samla inneber det at om framlegget til nye innsparingstiltak vert vedtekne, har organisasjonen gjenstående prosessar som skal gje ei innsparing i driftsnivået på 83,6 mnok innan 2029. Dette kjem i tillegg til dei andre vedtekne tiltaka som har vore del av innsparingsprogrammet som starta i 2024. Dei er ikkje lista opp her, men er innarbeidde som del av budsjettgrunnlaget for økonomiplanperioden.

Økonomiplan for 2026-2029

Nye framlegg til innsparingstiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Innsparing helse KSK: Omlegging fra bolig med heldøgns omsorg til hjemmebaserte tjenester, brukere over 80 år	-1 650 000	-3 300 000	-6 600 000	-9 000 000
Innsparing helse KSK: Justering av vedtakstimer, Redusere vedtakstimer på hjemmesykepleie for de som er i omsorgsboliger og i aldersgruppen 0 – 66 år	-1 000 000	-3 000 000	-6 000 000	-11 000 000
Innsparing helse KSK: Legge ned utekontor i Strandebarm	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Innsparing helse KSK: Legge ned utekontor i Ålvik	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
Innsparing helse KSK: Redusere utgifter pr. beboer på institusjon	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-4 000 000
Innsparing helse KSK: Redusere vikarbruk	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-5 000 000
Innsparing helse KSK: Sosial tenester	-1 900 000	-1 900 000	-1 900 000	-1 900 000
Innsparing helse KSK: Utvide ansvar for leiarstilling for legetenesta	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Nye innsparingstiltak - Helse	-9 550 000	-16 200 000	-24 500 000	-33 900 000
Innsparing Oppvekst KSK: Endra ressurstildeling skule	-2 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Innsparing Oppvekst KSK: Reduksjon i støtteapparat	0	0	0	-2 000 000
Innsparing Oppvekst KSK: Reduksjon vaksenopplæringa	-1 200 000	-2 000 000	-2 800 000	-2 800 000
Innsparing Oppvekst KSK: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	-3 000 000	-6 000 000	-7 500 000	-9 400 000
Innsparing Oppvekst KSK: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO ytterligare	0	0	-2 000 000	-4 000 000
Innsparing Oppvekst KSK: Redusere skulefritidsordninga - SFO	-350 000	-700 000	-700 000	-700 000
Nye innsparingstiltak - Oppvekst	-6 550 000	-12 700 000	-17 000 000	-22 900 000

Økonomiplan for 2026-2029

Innsparing Teknisk KSK: Avklaring av eigarskap og overdraging av Ålvik industriarbeidarmuseum	-9 500	-20 500	-20 500	-20 500
Innsparing Teknisk KSK: Oppseiing av leigeavtale for 3. etasje i Tingbakken	0	0	-90 000	-260 000
Innsparing Teknisk KSK: Overdraging av Aksnes skule	-1 000	-2 000	-2 000	-2 000
Innsparing Teknisk KSK: Overdraging av Idrettsbygg på Haugamyr	-10 000	-21 000	-21 000	-21 000
Innsparing Teknisk KSK: Overdraging av Vikøy skulemuseum	-7 000	-14 000	-14 000	-14 000
Innsparing Teknisk KSK: Overdraging av Ålvik idrettshus	-10 000	-20 000	-20 000	-20 000
Innsparing Teknisk KSK: Privatisere Fitjadalen og kommunal veg i Botnen	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000
Innsparing Teknisk KSK: Sal av festetomter og bustad ved Hardanger Fartøyvernseier	0	0	-1 000	-1 000
Innsparing teknisk KSK: Sal av trygdebustadar i Ålvik	-70 000	-141 000	-141 000	-141 000
Innsparing Teknisk KSK: Sal og ev. frådelling av naust i Holmen	-500	-1 000	-1 000	-1 000
Innsparing Teknisk KSK: Reduksjon av 1,2 årsverk innan reinhald	-570 000	-805 000	-805 000	-805 000
Innsparing Teknisk: Redusere 0,3 årsverk reinhald ifbm flytting til ny vidaregåande skule	-170 000	-195 000	-195 000	-195 000
Nye innsparingstiltak - Teknisk	-883 000	-1 254 500	-1 345 500	-1 515 500
Sum nye tiltak	-16 983 000	-30 154 500	-42 845 500	-58 315 500
Tilbakeføre rest på generelle innsparingskrav	1 693 447	1 696 142	10 203 312	8 756 565
Nye tiltak - totalt	-15 289 553	-28 458 358	-32 642 188	-49 558 935

Tidlegare vedtekne, ikkje realiserte innsparingstiltak

Denne tabellen viser innsparingstiltak som tidlegare er vedtekne, men ikkje fullførte. Me har kome noko lengre med gjennomføring/realisering av vedtaka enn det som låg i tabellen i KSK-rapporten på opptil 56 mnok (no opptil 34 mnok). Mange av tiltaka er også under arbeid eller delvis realisert, men dei ligg i denne tabellen fram til einingane har innarbeida dei i bemanningsplanar, avtalar ol.l.

Økonomiplan for 2026-2029

Tidlegare vedtekne, men ikkje realisert innsparingstiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Innsparing Helse: helgetimar/vikar/overtid i PLO (må sjåast saman med nye tiltak KSK)	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Innsparing Helse: Innføra digitale nattilsyn/nedtrekk på vaken nattevakt	-1 900 000	-1 900 000	-1 900 000	-1 900 000
Innsparing Helse: Innføre sjukepleierteam i PLO (må sjåast saman med nye tiltak KSK)	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Innsparing Helse: Legga ned ytterligare 8 omsorgsbustader på Tolo omsorg + omgjerung av plassar i Strandebarm	-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000
Innsparing Helse: Multidose (må sjåast saman med nye tiltak KSK)	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Innsparing Helse: Reduksjon i nattenesta i PLO	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Innsparing Helse: Redusera persontransport dagaktivitet/avlastning	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Innsparing Helse: Redusera vedtak heimesjukepleie	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Innsparing Helse: Sei opp husleigeavtalar	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Innsparing Helse: Slutt med fylgje praktisk bistand (må sjåast saman med nye tiltak KSK)	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Vedtekne, ikkje-realiserte innsparingstiltak - Helse	-10 300 000	-10 300 000	-10 300 000	-10 300 000
Innsparing Oppvekst: Auka/styrka grunnbemanning redusert til nivå frå Statsbudsjettet 2025	-725 000	-1 580 000	-1 580 000	-1 580 000
Innsparing Oppvekst: Barnehage overføring til privat barnehage	0	0	-900 000	-900 000
Innsparing Oppvekst: SFO - redusere med 2 årsverk frå 1.1.2026	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Innsparing Oppvekst: Struktur skule	226 344	-511 808	-2 488 222	-2 647 634
Innsparing Oppvekst: Utekontakt reduksjon på 0,7 årsverk	0	-600 000	-600 000	-600 000
Innsparing Oppvekst: Vaksenopplæringa ytterligare reduksjon i ramma	-400 000	-1 000 000	-1 500 000	-1 500 000

Økonomiplan for 2026-2029

Innsparing Oppvekst: Vikarkoordinator og administrasjonsressurs i barnehage	-229 500	-496 500	-496 500	-496 500
Vedtekne, ikkje-realiserde innsparingstiltak - Oppvekst	-2 128 156	-5 188 308	-8 564 722	-8 724 134
Innsparing Oppvekst/Samfunnsut.: Fritidsfeltet	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000
Innsparing samfunnsutvikling :2 kveldsmøter i året både i FSK og HST, 100 000 årleg	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Informasjons- og sekretariatsarbeid (inkl. IT)	-800 000	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Politisk	0	0	0	-1 000 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Stabstenester - mellombelse løysingar, vakante stillingar	-560 000	-560 000	-1 300 000	-1 300 000
Innsparing samfunnsutvikling: Vaktordning IT	0	0	0	-446 667
Innsparing samfunnsutvikling:HST vert redusert til 23 og FSK til 7 frå 2028	0	0	-250 000	-250 000
Innsparing: Delvis reversering av tidlegare innsparing på generelle næringstilskot, gjeld årleg tilskot på kr 100 000 til Kvam næringsråd.	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Vedtekne, ikkje-realiserde innsparingstiltak - Samfunnsutvikling	-2 860 000	-4 460 000	-5 450 000	-6 896 667
Innsparing Administrasjon: HR/økonomi	-200 000	-400 000	-1 800 000	-1 800 000
Innsparing Alle : Reduksjon, medlemskap interesseorganisasjonar	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Innsparingskrav Alle: Reduksjon i leiarstillingar i heile org som følgje av reduksjon tilsette	0	-1 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Vedtekne, ikkje-realiserde innsparingstiltak - Administrasjon og felles	-400 000	-1 600 000	-7 000 000	-7 000 000
Innsparing Teknisk: Revidere responsmatrise i KBR	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Innsparing Teknisk: Ta i bruk sensorar på Rådhus - ta ned 0,5 årsverk på reinhald	-105 000	-310 000	-310 000	-310 000
Innsparing Teknisk: Veg - redusera nivå med stillingar/oppgåveomfang	-387 000	-774 000	-774 000	-774 000

Vedtekne, ikkje-realiserde innsparingstiltak - Teknisk	-517 000	-1 109 000	-1 109 000	-1 109 000
Vedtekne, ikkje-realiserde innsparingstiltak - Totalt	-16 205 156	-22 657 308	-32 423 772	-34 029 801

Vidare prosess

Frå tidlegare er det vedteke innsparingar som reduserer driftsnivået med 98 mnok i 2029. Med nye tiltak på netto 49,6 mnok per 2029 er me i mål med å finna tiltak i programmet med samla innsparingar frå 147 mnok i 2029. Netto driftsresultat viser også ei fin utvikling dei to siste åra av økonomiplanperioden.

Det er all grunn til å takka leiarar og medarbeidarar i kommunen for innsatsen som er lagt ned i arbeidet med å finna tiltak. Rådmannen er fullt klar over at det har vore eit krevjande arbeid over lang tid, som skapar uro i organisasjonen. Desto større grunn er det til å takka alle leiarar og medarbeidarar som har stått i denne prosessen.

Dessverre står me no ovanfor og oppi neste fase, som kjem til å krevja meir av oss. Om dei nye framlegga til tiltak får politisk fleirtal, skal me til saman gjennomføra vedtekne, ikkje realiserde innsparingstiltak på opptil 34 mnok og nye tiltak på opptil 49,6 mnok. Det summerar seg 83,6 mnok. Dei fyrste drøftingsmøta med tillitsvalde er gjennomført. Rådmannen si erfaringane frå dei fyrste drøftingane med leiarar og tillitsvalde, er at her er eit godt og konstruktivt samarbeid for å finna løysingar til det beste for dei involverte medarbeidarane, innanfor nye rammer. Eit omstillingsutval med hovudtillitsvalde, rådmann og HR-sjef er også sett saman, og skal ha fyrste møte 12.11.25. Vidare arbeid med innsparingane vert tema i leiarsamling, arbeidsmiljøutval, administrasjonsutval, omstillingsutval og i anna samarbeid med dei tilsette.

Sidan hovudvekta av utgiftene til kommunen er personalutgifter, vil også hovudvekta av innsparingstiltaka vera å redusera på tal årsverk og medarbeidarar. Det inneber at me no går inn i ei tid der me skal leggja nye turnusar og bemanningsplanar med færre av dei medarbeidarane me har i dag. Det vil påverka oss som tilsette, brukarar, lokalsamfunn og attraktiviteten vår som kommune og arbeidsgjevar. Likevel har me eit inntektsnivå som ligg høgare enn mange andre kommunar, slik at me framleis bør kunne hevda oss i konkurranse om innbyggjarar og arbeidstakarar. Me har kompetente og engasjerte arbeidstakarar som arbeider godt for å utvikla framtidsretta tenester og auka både produktivitet og effektivitet i tenesteproduksjonen vår, slik at me framleis kan tilby tenester med høg kvalitet. Men me har bunde opp handlingsrommet vårt i struktur og investeringar, som er ei viktig forklaring på kvifor me ikkje vil klara å driva tenestene våre på same nivå som samanliknbare kommunar som har ein annan struktur. Viktige politiske prioriteringar og val framover kjem difor til å stå mellom å prioritera ressursar på struktur eller tenestenivå.

Rådmannen frårår politikarane å vedta nye utgreiingar om innsparingstiltak no. For å sikra at kommunen kjem i økonomisk balanse, må me no bruka ressursane våre på gjennomføring av tiltak. Vidare frårår rådmannen å redusera på omfang av tiltak. Sjølv om prognosane viser at me kan få eit netto driftsresultat på 2% innan utgangen av økonomiplanperioden, er det langt fram til det. Me kan ikkje rekna med at alt anna i denne perioden utviklar seg i positiv retning. Når marginane vert knappare, aukar risikoen for uynskte hendingar og budsjettsprekk. Den komande tida krev stor budsjett disiplin av både administrasjon og politikarar for å sikra berekraftig ressursbruk, men prognosane i økonomiplanperioden viser at det er mogleg å få til.

Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring

Rådmann sine endringsframlegg til budsjett og økonomiplan 2026-2029

I tabellane under er alle framlegg til endringar til Kvam heradsstyre si handsaming av driftsbudsjett og økonomiplan 2026-2029 er oppsummert.

Tabellane viser framlegg til budsjett 2026 til 2029. Budsjett 2026 har vore ein del av økonomiplanen sidan budsjett 2023. Det betyr at økonomiplanåret 2026 har vorte justert med varige endringar i fleire budsjettprosessar tidlegare. Budsjettendringar som for eksempel vart gjort i tertial 2022, har fleire tilfelle også hatt verknad for 2026 og vidare i økonomiplanane. På same måte vert det i dette budsjettet gjort endringar som har verknad på budsjetttramma for 2027-2029.

Det som vert trekt fram i dette dokumentet er rådmannen sine framlegg til nye tiltak per budsjett og økonomiplan 2026-2029. Det vil sei endringane mellom det som var ramma i 2026 etter vedtak 2.tertial 2025 og tekniske justeringar i budsjett 2026.

Alle nye tiltak i budsjettet viser også i tabellen "Driftsbudsjett med endringar" som ligg på kvart enkelt tenestoområde. Tiltaka i tabellen under er samla på tvers av eining og tenestenivå. Beløpa på tiltaka i denne lista kan derfor ikkje samaliknast direkte med beløpa på dei same tiltaka i tabellen på tenestoområda, då eit tiltak kan vera fordelt på fleire tenestoområde.

Endringar i budsjett og økonomiplan 2026-2029 i forhold til opphavleg budsjett

Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Auke i pensjonsutgifter i forhold til tidlegare prognose 2026-2029	5 589 341	1 449 256	1 549 015	2 830 642
Auke i arbeidsgjevaravgift på lønn og premieavvik	8 736 296	8 996 500	9 137 403	8 405 281
Lønnsjustering av lønsramme etter nye satsar og årsløner	5 095 077	5 104 111	5 152 839	5 152 839
Nye tiltak - spesifisert i eiga liste	-19 993 994	-18 318 261	-23 350 450	-27 640 199
Nye innsparingstiltak - spesifisert i eiga liste	-16 983 000	-30 154 500	-42 845 500	-58 315 500
Tekniske justeringar mot ramme 2026	3 260 967	4 159 223	4 209 213	4 958 424
Tilbakeført rest av generelle innsparingskrav. Går mot nye innsparingskrav ut frå KS rapport 2025	973 447	376 142	8 383 312	6 936 565
Netto bruk av disposisjonsfond er redusert	13 005 195	26 541 122	30 624 967	44 645 583

Økonomiplan for 2026-2029

Netto bruk av bundne fond er redusert	316 671	1 846 407	7 139 201	13 026 365
	0	0	0	0

Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2026 -2029

Forslag til nye tiltak B2026

Beløp i 1000 kr

Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Akutthjelparordning – finansiering av kostnader	250	250	250	250
Akutthjelparordning – Refusjonsavtale med Helse Bergen	-125	-250	-250	-250
Auke 3% på lege ved helsestasjon	55	55	55	55
Auke 5% stilling til sjukeheimslege/tilsynslege	95	95	95	95
Auke 7% på Alis-veileder	100	100	100	100
Auke i barnevern - kjøp av statleg institusjonsplass i 2026	2 280	0	0	0
Auke i tilskot til Kvammabadet KF og Hardangerbadet	308	308	308	308
Auke med 1 årsverk - LIS-1 lege	340	340	340	340
Barnevernvakt prisauke frå 2026	195	195	195	195
Brannberedskap i Ålvik – Reforhandling av avtale	0	0	0	0
Bruk av lokale i ny vidaregåande skule – bibliotek, vaksenopplæring og kino	1 800	1 800	1 800	1 800
Budsjett ressurskrevjande brukarar 2026	-5 759	-5 759	-5 759	-5 759
Godtgjering til frikjøpte fosterforeldre	100	100	100	100
Grunnbemannning i barnehage endring for barnehageår 2025/2026	-1 435	-1 435	-1 435	-1 435
Hardangerrådet - kontingent 2026-2028	0	0	-6	23
Inntekter på sjølvkostområda B26	-4 108	-5 274	-4 788	-6 816
Justering av inntekt på sal av tenester	-30	-30	-30	-30
Kontrollutvalg 2026 - iht tilsendt budsjett	107	107	107	107
Kyrkjeleg fellesråd - justert for pris og lønsauke med 4 %	262	262	262	262
Lønnsjusteringspott B2026. 4% auke	10 334	18 430	18 430	18 430
Netto kraft justert etter prognose og etter oppdatert sikringsvolum og prisar B2026	430	230	730	-2 570
Ordinært rammtilskudd	-17 307	-20 304	-20 296	-20 287
Prisjustering av personforsikring og OU kontingent B2026	169	169	169	169
Renteinntekter og utbytte	-4 650	-5 150	-6 650	-5 150
Renteutgifter, prov. og andre fin.utg	3 000	5 000	6 500	6 000
Samfunnsutvikling : Møte og sakshandsamingssystem, ukjent beløp	0	0	0	0
Skatt på eigedom	3 882	4 866	-945	-945
skatt på inntekt og formue	-13 467	-13 467	-13 467	-13 467
Skule - kjøp av nytt administrasjonsprogram	0	0	0	0
Teknisk - FDV Bygg: Behov for vidareføring av materialbudsjett til vedlikehald	701	701	701	701
Teknisk: Auke i budsjetttrammer for husleige og fellesutgifter	478	343	133	133
Tilskot til privat barnehage 2026 - auke	2 000	0	0	0
Totalsum	-19 994	-18 318	-23 350	-27 640

Oversikt over innsparingar foreslått i budsjett og økonomiplan 2026 -2029

Forslag til nye Innsparingstiltak B2026

Beløp i 1000 kr

Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Innsparing helse KS: Omlegging fra bolig med heldøgns omsorg til hjemmebaserte tjenester, brukere over 80 år	-1 650	-3 300	-6 600	-9 000
Innsparing helse KS: Justering av vedtakstimer, Redusere vedtakstimer på hjemmesykepleie for de som er i omsorgsboliger og i aldersgruppen 0 – 66 år	-1 000	-3 000	-6 000	-11 000
Innsparing helse KS: Legge ned utekontor i Ålvik	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Innsparing helse KS: Legge ned utekontor i Strandebarm	-700	-700	-700	-700
Innsparing helse KS: Redusere utgifter pr. beboer på institusjon	-1 000	-2 000	-3 000	-4 000
Innsparing helse KS: Redusere vikarbruk	-1 000	-3 000	-4 000	-5 000
Innsparing helse KS: Sosial tenester	-1 900	-1 900	-1 900	-1 900
Innsparing helse KS: Utvide ansvar for leiarstilling for legetenesta	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Innsparing Oppvekst KS: Endra ressurstildeling skule	-2 000	-4 000	-4 000	-4 000
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	0	0	0	-2 000
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon vaksenopplæringa	-1 200	-2 000	-2 800	-2 800
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	-3 000	-6 000	-7 500	-9 400
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO ytterligare	0	0	-2 000	-4 000
Innsparing Oppvekst KS: Redusere skulefritidsordninga - SFO	-350	-700	-700	-700
Innsparing Teknisk KS: Avklaring av eigarskap og overdraging av Ålvik industriarbeidarmuseum	-9	-20	-20	-20
Innsparing Teknisk KS: Oppseiing av leigeavtale for 3. etasje i Tingbakken	0	0	-90	-260
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Aksnes skule	-1	-2	-2	-2
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Ålvik idrettshus	-10	-20	-20	-20
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Idrettsbygg på Haugamyr	-10	-21	-21	-21
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Vikøy skulemuseum	-7	-14	-14	-14
Innsparing Teknisk KS: Privatisere Fitjadalen og kommunal veg i Botnen	-35	-35	-35	-35
Innsparing Teknisk KS: Reduksjon av 1,2 årsverk innan reinhald	-570	-805	-805	-805
Innsparing Teknisk KS: Sal av festetomter og bustad ved Hardanger Fartøyvernseier	0	0	-1	-1
Innsparing teknisk KS: Sal av trygdebustadar i Ålvik	-70	-141	-141	-141
Innsparing Teknisk KS: Sal og ev. frådeling av naust i Holmen	0	-1	-1	-1
Innsparing Teknisk: Redusere 0,3 årsverk reinhald ifbm flytting til ny vidaregåande skule	-170	-195	-195	-195
Totalsum	-16 983	-30 154	-42 845	-58 315

Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden

Tabellen under viser netto bruk av disposisjonsfond i budsjett og økonomiplan 2026-2029. I åra 2026 og 2027 vert det brukt meir av disposisjons-fond enn det som vert avsett. Det betyr at heradet bruker av sine oppsparte midlar til å dekke drifta desse åra. Dersom alle innsparingskrava vert vedtekne og heradet klare å gjennomføre alle slik som planlagt, så vert avsetjinga større enn bruken frå 2028.

Disposisjonsfond (ubundne fond)	Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
P61145 Trafikksikringsplan - årleg driftsprosjekt	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
P61209 Rekkverk kommunale vegar - årleg driftsprosjekt	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
P80231 Oppstart reguleringsplan i Sandvandalen, tunellinnslag	-700 000	0	0	0
Kulturminnearbeid	-100 000			
Nettverk for fjord og kystkommuner	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Årets saldering av budsjett	-64 673 692	-42 296 323	-25 589 471	-14 625 669
Total bruk av disposisjonsfond	-66 113 692	-42 936 323	-26 229 471	-15 265 669
Havbruksfond - Avsetjing av alle inntekter	23 000 000	16 000 000	23 000 000	16 000 000
Ekstra kraftinntekter - Avsetjing av nettoinntekt over 15 mnok	28 444 810	25 045 200	26 647 170	29 940 470
Total avsetjing av disposisjonsfond	51 444 810	41 045 200	49 647 170	45 940 470
Netto bruk eller avsetjing av disposisjonsfond	-14 668 882	-1 891 123	23 417 699	30 674 801

Føresetnader og risikovurdering

Budsjett og økonomiplan byggjer på ei rekkje føresetnader knytt til både inntekter og utgifter. Det er sannsynleg at fleire av desse føresetnadene vil endra seg gjennom budsjettåret. Dette kan slå ut både positivt og negativt for kommuneøkonomien.

Fleire av føresetnadene, som til dømes prisstiging, lønnsoppgjer og kraftinntekter vert påverka av forhold som kommunen ikkje er herre over. Det er difor viktig å forstå kva føresetnader som vert lagd til grunn.

Det følgjer av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premisser som budsjettet byggjer på. Av forarbeida føl at dette og omfattar premisserne for bruken av bevilgningene (Prop 46 L (2017-2018) i kommentarane til §14-4.

Budsjettpremissane består av:

- Premissar for bruken av løyvingar
- Heradsstyret sine premisser for bruken av dei talmessige løyvingane i årsbudsjettet.
- Tekniske budsjettforutsetningar
- Forutsetningar om pris- og lønsvekst, rentenivå og andre parameter. Desse viser i risikotabell under.

Føresetnader

Budsjett og økonomiplan byggjer på siste gjeldande vedtak i heradsstyret, det vil seia 2. tertial 2025. Dette betyr at alle tidlegare fatta vedtak med verknad for åra 2026 - 2029 er innarbeidd i tala. Nokre vedtak har verknad kun for 2026, medan andre har permanent verknad.

Budsjettet til det kommunale foretaket Kvammabadet KF inngår ikkje i budsjettet som vert presentert i Framsikt. Budsjettframlegget til det kommunale foretaket vert lagt fram som eit vedlegg til Kvam herad sitt budsjett i Framsikt. Rekneskapsmessig inngår Kvammabadet KF i konsernet Kvam herad. Budsjettframlegget til Kvammabadet KF er vedteke av styret i foretaket.

Det samla budsjettet til kommunen byggjer på ein rekkje føresetnader. Nedanfor følger ei utgreiing av dei viktigaste føresetnadene.

Rammetilskot og skatteinntekter

Kvam herad sine frie inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot, som er kommunen sine største inntektskjelder. Rammetilskotet frå staten vert fordelt etter ein komplisert fordelingsnøkkel som mellom anna er avhengig av folketal og aldersfordeling i kommunen. Skatteinntektene er og bakt inn i modellen på ein slik måte at ei auke i skatteinntekt vil føre til ein reduksjon i rammetilskotet og motsett. Men det er ikkje eit 1:1-forhold, og avheng av dei nasjonale skatteinntektene. KS har utarbeidd ein modell som vert nytta i budsjettarbeidet.

Rammetilskotet og skatt på formue og inntekt er budsjettert med utgangspunkt i framlegg til statsbudsjett for 2026. Det er sannsynleg at den vil koma nokre justeringar i kommunane sine inntekter i samband med budsjettforhandlingane i Stortinget. Normalt vert løyvinga til rammetilskot heva i samband med revidert nasjonalbudsjett, men dette er ei usikker inntekt som ikkje vert forskottet i kommunebudsjettet.

Disposisjonsfond er kommunen sin "sparekonto". Per 01.01.2025 hadde Kvam herad 186 mnok på disposisjonsfond. Tidlegare vedtak seier at kommunen setja av heile inntekta frå Havbruksfondet og overskytande kraftinntekter over 15 mnok til disposisjonsfond. Dette har kommunen ikkje klart dei siste åra, og vil heller ikkje lukkast i økonomiplanen. Dersom kommunen klarer å halde foreslått budsjett i økonomiplanen så vil kommunen fortsatt ha disposisjonsfond i 2029, men mot slutten av økonomiplanen er det truleg berre disp.fond for Havbruksfondet som står igjen.

Den grønne linja i grafen under viser estimert total saldo på disposisjonsfonda dersom alle foreslåtte og vedtekne innsparingar vert gjennomført, alle einingar helda seg innanfor budsjetterte rammer og det ikkje oppstår nye behov for rammeauke i perioden. I tillegg forutset det at kommunen mottok inntekter frå Havbruksfond og kraftinntekter som budsjettert. Innsparingstiltaka som er lagt inn er ikkje forventa å ha full verknad før på slutten av økonomiplanen.



Finansielle nøkkeltal og utvikling i planperioden

Kva krav som vert stilt til finansielle måltal vert bestemt kvart år i samband med arbeidet med økonomiplan og budsjett.


For å få kommuneøkonomien i balanse er det lagt opp til følgjande nøkkeltal i budsjettet:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.
2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal ligga under 125 % i heile økonomiplanperioden.
3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.

Dette erstattar tidlegare måltal, og avvik frå Teknisk beregningsutvalg (TBU) sine tilrådingar for gjeldsgrad (75%), men stemmer med netto driftsresultat og nivået på disposisjons-fond er høgare (TBU - minst 5%).

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Økonomiplan for 2026-2029




Grafen syner at nøkkeltalet i 2025 er budsjettetert til -5,6 %. Det er vedtatt ein rekke innsparingar i økonomiplanen, dersom kommunen klarer å gjennomføra alle desse vil nøkkeltalet liggja over målsettinga på 2% mot slutten av økonomiplanperioden. Gjennomsnitt for økonomiplanperioden ligg nøkkeltalet på 1,4 %.

Lånegjeld i % av driftsinntekter


Figuren syner utviklinga i lånegjeld for Kvam herad. Tala inkluderer all gjeld unnateke lån til vidare utlån (Husbanken). Alle vedtekne prosjekt, inkludert sjølvkostprosjekt er inkludert og estimert bruk av lån i økonomiplanperioden ligg til grunn.

Kvam herad har eit finansielt måltal som seier at lånegjeld ikkje skal overstige 125 % av driftsinntektene.




Grafen syner at kommunen klarer å halda seg innanfor nøkkeltalet, men 2027 ligg så vidt over inntil vidare. Eit slik måltal inneber at om kommunen ynskjer å gjera investeringar, må dei finansierast på andre måtar enn lån eller andre prosjekt må vika eller skyvast i tid.

Langsiktig gjeld uten lån til vidareutlån



Tabellen viser langsiktig gjeld i perioden 2017 til 2029. Dette er grunnlaget for nøkkeltalet over.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Grafen syner budsjettert utvikling i nøkkeltalet disposisjons-fondiprosent av driftsinntekter. Det er budsjettert at nøkkeltalet vil gå marginalt under målsettinga på 10% i 2026 og 2026, men vera tilbake på målet frå og med 2028.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Rev. bud. i fjor 2025	Rev. bud. 2026	Økonomiplan			
					2026	2027	2028	2029
skatt på inntekt og formue	-288 653	-321 729	-323 965	-344 162	-344 162	-344 162	-344 162	-344 162
Ordinært rammtilskudd	-363 483	-374 185	-380 264	-396 479	-396 479	-399 465	-399 478	-399 469
Skatt på eigedom	-28 060	-29 855	-11 055	-11 055	-11 173	-11 489	-11 945	-11 945
Andre generelle statstilskudd	-51 336	-67 111	-60 976	-63 894	-63 894	-51 106	-55 866	-48 866
Konsesjonsavgift	-5 191	-4 800	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Sum frie inntekter	-736 724	-797 679	-781 459	-820 790	-820 908	-811 422	-816 651	-809 642

skatt på inntekt og formue

Skatt vert justert etter KS prognose-modell som er basert på forslag til statsbudsjett for 2026.

Ordinært rammtilskudd

Rammetilskot vert justert etter KS prognose-modell som er basert på forslag til statsbudsjett for 2026.

Skatt på eigedom

I samband med innsparingsprogram vart det i 2025 foreslått å framskande opptopping av eigedomsskatt eit år, men sidan skatten alt var utskriven for 2025 og i høve skattereglane for opptopping, er ikkje dette gjennomførbart. Inntektsauken som var lagt inn i 2026 i samband med 2.tertial 2025, må derfor tilbakeførast og forskyvast fram i tid.

Promillen på bustad og fritid er for 2026 er på 4 og botnfrådrag er på 350 000,-. Næring har 7 promille.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Rev. bud. i fjor 2025	Rev. bud. 2026	Økonomiplan			
					2026	2027	2028	2029
Pensjon	71 201	78 614	87 268	93 222	93 229	94 768	99 843	101 124
Sum sentrale utgifter	71 201	78 614	87 268	93 222	93 229	94 768	99 843	101 124

Pensjon

Kvam herad har 3 ulike pensjonsordningar. Statens pensjonskasse for lærarar. KLP sjukepleierordning for sjukepleiarar og KLP fellesordning for resten.

Kostnader til pensjon vert berekna av dei ulike pensjonsselskapa.

Inntekter og finansposter

I dette kapittelet finn du forklaring på viktige inntekter og finanspostar i budsjettet.

Inntekter

Skatt og rammetilskot

I statsbudsjettet for 2026 er det lagt til grunn ein lønsvekst på 4,0 % og ein prisvekst på varer og tenester på 2,8 %. Samla gjev dette ein såkalla deflator på 3,5 % for 2026.

Skatt på inntekt og formue

Kommunane mottak ein del av skattane frå personar og selskap. Skatt på inntekt og formue er budsjettert i samsvar med KS sin prognosemodell.

Rammetilskot

Kommunane mottak rammetilskot frå staten. Rammetilskotet vert rekna ut på grunnlag av følgjande faktorar:

- **Innbuartilskot** utgjør hovuddelen av rammetilskotet og vert fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. For å sikre at alle kommunar kan tilby likeverdige tenester, vert dette beløpet justert basert på ulike faktorar som geografi, alderssamansetjing og sosioøkonomiske forhold.
- **Utgiftsutjamning** er ein mekanisme som kompenserer kommunar for ufrivillige kostnadsforskjellar. For eksempel får kommunar med mange eldre eller store reiseavstandar ekstra midlar for å dekke dei høgare kostnadene.
- **Inntektsutjamning** utjamnar delvis skilnader i skatteinntekter mellom kommunar. Kommunar med lågare skatteinntekter får tilskot frå kommunar med høgare skatteinntekter.
- **Regionalpolitiske tilskot og skjønnstilskot** vert gitt for å støtte spesifikke regionale behov og utfordringar.

Endring i skatt og rammetilskot

Tabellen samanliknar inntektene frå skatt og rammetilskot:

MNOK	2025	2026	Endring	Prosent
Rammetilskot	-380,0	-396,5	-16,5	4,34 %
Skatt	-326,5	-344,2	-17,7	5,42 %

SUM	-706,5	-740,7	-34,2	4,84 %
------------	---------------	---------------	--------------	---------------

Tala er henta frå KS sin prognosemodell 17.10.2025, basert på regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2026. For Kvam herad er skatt og rammetilskot auka med 34,2 MNOK eller 4,84 % frå 2025 til 2026. Auken utgjer ca 10 MNOK meir enn forventa lønns- og prisvekst på 3,5 %.

Knytt til den nye inntektsmodellen for kommunane (vedteke 2024) er det og endringar i fordelinga av skatteinntekter og inntektsutjamning for kommunane. Dette gjer at tala frå eit år til det neste ikkje er direkte samanliknbare, og ein lyt difor fokusera på endringa i totalen.

Tidlegare har kommunane fått store skatteinntekter på slutten av året. I den nye inntektsmodellen får kommunen ikkje lenger skatteinntekter frå utbytteskatten og det er forventa at desse svingingane fell bort.

Andre kommunale inntekstpostar

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten vert vedteken av heradsstyret og fastsett ut frå eigedomen sin takst. Taksten vert redusert med 30 % og multiplisert med ein skattesats som er fastsett av kommunen. I tillegg kan det vera eit botnfrådrag for andre enn næringseigedomar.

Kommunestyret kan vedta å krevje ein skatt på inntil 4,0 promille av ein eigedom sin verdi for privatbustader og fritidsbustader. For næringseigedomar er den maksimale skattesatsen 7,0 promille. Detaljerte reglar for utskriving av eigedomsskatt står i «Lov om eigedomsskatt til kommunane». Lova set krav til at eigedomsskatten maksimalt kan auke med éin promille kvart år inntil maksimal skattesats er nådd. Promillen kan ikkje aukast det same året som botnfrådraget fjernast.

Utvikling i eigedomsskatten frå og med 2025 og ut økonomiplanperioden

	2025	2026	2027	2028	2029
	Rev.Bud	Bud	UØP	UØP	UØP
Bustad og fritidsbustad promille	3,3	4,0	4,0	4,0	4,0
Bustad botnfrådrag	350 000	350 000	200 000	0	0
Næring promille	7,0	7,0	7,0	7,0	7,0
Eigedomsskatt bustad (MNOK)	12,5	15,1	17,8	21,3	21,3
Eigedomsskatt fritidsbustad (MNOK)	6,4	7,7	9,1	10,9	10,9
Eigedomsskatt næring (MNOK)	23,1	23,1	23,1	23,1	23,1

Eigedomsskatt totalt (MNOK)	42,0	45,9	50,0	55,3	55,3
--	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------

For næringseigedomar er eigedomsskatten på 7,0 promille, som er maksimal sats.

For bustader og fritidsbustader ligg det inne ei auke eigedomsskatten til 4,0 promille frå og med 2026. Botnfrådraget er uendra i 2026, vert redusert til kr 200 000 i 2027 og fjerna heilt i 2028.

I 2025 har Kvam ei budsjetttert inntekt frå Eigedomsskatt på 42,0 MNOK. I 2028 når endringane har fått full effekt vil inntekta frå Eigedomsskatt vera på 55,3 MNOK.

Havbruksfondet

Havbruksfondet blei oppretta i 2016 for å fordele inntektene frå produksjonsavgifta og auksjonar av nye laksekonsesjonar til kommunar og fylkeskommunar som har oppdrettsanlegg i sine område. Fondet skal sikre at lokalsamfunna som legg til rette for havbruksnæringa får ein del av inntektene som vert generert. Havbruksfondet får sine inntekter frå to kjelder:

1. **Produksjonsavgift:** Frå 2021 blei det innført ein produksjonsavgift på oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Produksjonsavgifta er ein prosentdel av verdien av den produserte fisken, og denne avgifta skal òg gå inn i Havbruksfondet. Denne ordninga sikrar ein jamn inntektsstraum til fondet, uavhengig av nye auksjonar.
2. **Auksjonar av nye oppdrettsløyver:** Når staten auksjonerer ut nye løyver for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, betaler selskapa ein pris for desse løyva. Inntektene frå desse auksjonane går direkte inn i Havbruksfondet. Prisen på løyva kan variere avhengig av marknaden og etterspurnaden etter oppdrettskapasitet. Auksjonane ver som hovudregel halde annakvart år (partal)
På grunn av usikkerheit rundt kor mange og store konsesjonar som vert lyst ut, grunnrenteskatten på oppdrett og tilbod/etterspurnad etter nye konsesjonar er det vanskeleg å anslå kor mykje pengar som vil kome inn. Kommunane der nye konsesjonar kjem får ein større del av det som kjem inn, men òg eksisterande oppdrettskommunar får ein del.

Ordninga vert handtert av Fiskeridirektoratet. Kommunane får tildelt eit beløp årleg, men får ikkje tilgang til bakgrunnsdata for utrekningane. Dette gjer budsjettarbeidet utfordrande.

Det er gjort ei skjønnsmessig fastsetting av budsjetttert inntekt frå havbruksfondet basert på tidlegare utbetalingar. I år med auksjon (2026 og 2028) er det budsjetttert med 23,0 MNOK. I år utan auksjon (2027 og 2029) er det budsjetttert ei inntekt på 16,0 MNOK.

Gebyrinntekter – sjølvkost

Sjølvkostområde i kommunar er tenester som skal finansierast fullt ut av brukarane, og der inntektene frå gebyr skal dekke kostnadene ved å tilby tenesta. Sjølvkostprinsippet inneber at kommunen ikkje skal tene pengar på desse tenestene, men heller ikkje gå med underskot. Kommunen må setje gebyra på eit nivå som dekkjer dei faktiske utgiftene knytt til drift, vedlikehald, administrasjon og eventuelle investeringar i tenestene. Sjølvkostområda inkluderer:

- Vatn, avløp, avfall og renovasjon (VAAR)
- Feiing og tilsyn
- Plan- og byggesaksbehandling

For vatn og avløp må brukarane svara meirverdiavgift på 15 %. Det er ikkje meirverdiavgift på feiing og tilsyn eller plan- og byggesaksbehandling.

Gebyrinntekter – andre tenester

Kommunen har inntekter frå eigenbetaling til barnehagar, skulefritidsordning, utleigebustader, og ulike helse- og omsorgstenester. Barnehagar følgjer makspris i statsbudsjettet. Andre gebyrinntektene er i hovudsak auka i samsvar med kommunal deflator på 3,5 %.

Meir informasjon om kommunale takstar finst i gebyrheftet for 2026.

Konsesjonsavgift


I tillegg til konsesjonskraft har kommunen krav på konsesjonsavgift frå vasskraftutbyggingar. I 2024 fekk Kvam 5,2 MNOK. Inntekta er vidareført på same nivå i økonomiplanen.

Gjeld, obligasjonar, renter og utbytte

Rentemarknaden

Styringsrenta i Noreg var svakt fallande i ei årrekke fram til 2021 då ho nådde ein botn på 0 %. I 2022 starta ein bratt oppgang og i 2024 var nivået på 4,5 %. Styringsrenta ligg no på 4,0 %. Styringsrenta påverkar alle som har gjeld, både private, verksemdar og kommunen. For Kvam som hadde en del fastrentelån, har dei auka rentekostnadene komme noko seinare enn oppgangen i slik at effekten av stigande rente har vore utsett noko.

I samband med den siste rentenedsetjinga til 4,0 % i september 2025 publiserte Norges bank denne grafen som syner forventa renteutvikling framover:



Kjelde: [Nettrapport PPR 3/2025](#)

I samband med rentebeslutninga uttalte sentralbanksjefen «Vi ser ikke for oss en stor nedgang i renten fremover. Prognosen vi legger frem i dag, er forenlig med ett rentekutt i året de neste tre årene. I anslagene våre avtar den gjennomsnittlige boliglånsrenten til i overkant av 4,5 prosent i 2028».

Det er verd å merka seg skilnaden mellom Norges Bank si forventa renteutvikling i juni-rapporten (den tjukke stipla oransje linja) og september-rapporten (den tjukke stipla blå linja). Den siste rapporten tyder på at rentefallet vert mindre og kjem saktare enn tidlegare forventa. Dette fører til ei auke i dei forventa renteutgiftene utover i økonomiplanperioden.

Det er viktig å vera klar over at på toppen av NIBOR må kommunen betala eit kredittpåslag på om lag 0,5%. Dette gir ei renteprognose på like under 4% mot slutten av økonomiplanperioden. Gjennomsnittsrenta inkludert kredittpåslag på kommunen sine lån ligg no like under 4,5 %

Lånegjeld og renteutgifter

Kommunen tek opp lån for å finansiere skular, omsorgsbustader, reinseanlegg og anna som er naudsynt for den kommunale verksemda. Kommunen må betale både renter og avdrag på desse låna. Endringar i renter og avdrag fører til endringar i kommunen sitt netto driftsresultat.

Gjeldsutviklinga er vist med graf i kapittelet «Hovudtal i budsjettforslaget». Grafen syner at gjelda er forventa å auke frå 1 387 MNOK til 1 449 MNOK i økonomiplanperioden.

I same periode er netto renteutgifter forventa å auke frå 49,5 til 57,4. Dette skuldast i stor grad ei forventa reduksjon i renteinntektene frå obligasjonsinvesteringar grunna inndekning av negativt netto driftsresultat.

Netto renteeksponert gjeld og renterisiko

Ved inngangen til 2026 vil Kvam herad ha ei total lånegjeld på 1 554 MNOK.

Inkludert i den totale lånegjelda ligg lån til vidare utlån. Dette utgjer 167 MNOK og er lån som kommunen tek opp hos Husbanken og låner ut gjennom NAV til personar som har vanskar med å skaffe seg eigen bustad.

Av den kommunale gjelda er om lag 360 MNOK knytt til levering av sjølvkosttenester, som til dømes feiing, vatn og avlaup som innbyggjarane må betale gjennom kommunale avgifter. Fastsetjinga av dei kommunale avgiftene inkluderer rentekostnader på desse investeringane, og dette er innarbeidd i økonomiplanen. Dette inneber at kommunen ikkje har renterisiko knytt til denne delen av gjelda.

Kvam herad har obligasjonsinvesteringar på om lag 170 MNOK, hovudsakleg hos norske sparebankar. På obligasjonane mottek kommunen ei avkastning som svingar med rentemarknaden, og venta renteendringar er innarbeidd i økonomiplanen. Dette inneber at kommunen heller ikkje har vesentleg renterisiko knytt til denne delen av gjelda.

Basert på dette kan vi berekne kommunen sin netto renteeksponerte gjeld.

MNOK	2025
Total lånegjeld	1 554
Husbanklån til vidare utlån	167
Lånegjeld u/lån til vidare utlån	1 387
Lån til sjølvkostinvesteringar	360
Obligasjonsinvesteringar	171
Netto renteeksponert gjeld	856

Kommunen sin renterisiko har med andre ord samanheng med storleiken på netto renteeksponert lånegjeld. Viss renta aukar med 1 % må kommunen dekkja inn ca 8,5 MNOK meir i renter kvart år. Dette

må finansierast over drifta eller med bruk av disposisjonsfondet. På grunn av fastrentelån, vil ikkje renteendringar få umiddelbar effekt på kommuneøkonomien.

Rentebinding

Svingingar i renteutgiftene kan reduserast gjennom å binde renta. Dette vil vera meir føreseieleg for kommuneøkonomien og gjer at netto driftsresultat i mindre grad vert påverka av rentemarknaden.

Ved inngangen til 2026 har kommunen 696,6 MNOK som er lånt til fast rente. Dette inneber at storparten av den renteeksponerte gjelda har fast rente. Dette betyr ikkje at renteendringar ikkje har effekt på kommuneøkonomien, men det vil vera ei tidsforskyving fordi renteendringa først får effekt når eit fastrentelån vert fornya.

Nye investeringar

Med dagens rente på om lag 5 % vil nye investeringar på 20 MNOK føre til ei auka renteutgift på 1 MNOK årleg. I tillegg kjem auka avdrag med ca 0,5 – 1,0 MNOK årleg, alt etter avskrivningstid for investeringa (her 40-20 år). Begge deler må finansierast anten frå disposisjonsfondet eller med ein reduksjon i kommunale tenester.

Renteendringar knytt til allereie vedtekne investeringar er innarbeidd i økonomiplanen.

Gjelds- og obligasjonsforvaltning

Både gjeldsforvaltning og obligasjonsforvaltning vert styrt etter kommunen sitt gjeldande finansreglement. Det vert nytta ekstern forvaltar (Bergen Capital Management) og statusrapportar frå forvaltar ligg som vedlegg til all rekneskapsrapportering inkludert dette budsjettet.

Andre finanspostar

Aksjeutbytte

Kvam herad eig aksjar og har difor krav på utbytte. Dette kjem i hovudsak frå Kvam Energi AS (100 %) og Eviny AS (0,90 %). Utbyttet har samband med selskapa sin økonomiske situasjon og vert bestemt av selskapa sitt styre og generalforsamling. Kvam herad sitt utbyte kjem primært frå kraftbransjen og vil difor ha samband med utviklinga i kraftprisane. Det er derfor usikkerheit knytt til framtidig aksjeutbytte.

Historikk og prognose for økonomiplanperioden:


Selskap	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kvam Energi AS	9,0	20,0	9,3	7,5	13,4	18,4	13,4	13,4
Eviny AS (BKK)	8,2	16,0	11,8	9,4	9,4	9,4	9,4	9,4
Andre	0,4	0,4	0,1	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
Totalt	17,6	36,4	21,2	17,1	23,0	28,0	23,0	23,0

Utbytte er budsjettert basert på siste tilgjengelege tal.

For Kvam Energi AS har heradsstyret bestemt ei utbyttegrad på 70% i tillegg til eit ekstraordinært utbytte på 5,0 MNOK i 2027. Tala for Kvam Energi AS er oppdaterte basert på selskapet si siste resultatprognose for 2025 framlagt i eigarmøte i formannskapet 25.09.2025.

Kraftinntekter

Kraftforvaltning



Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengd på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ein ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Kraftmengda vert forvalta etter månadsblokk-modellen, som inneber at volumet er størst om vinteren når forbruket og prisane normalt er høgast. Modellen gjev kommunen eit føreseieleg volum kvar månad, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil ser slik ut:

Kvam kjøper krafta frå kraftprodusentane til kostpris som vert fastsett på departementsnivå ein gong i året. Prisen for 2026 er enno ikkje fastsett, og budsjettet bygger derfor på ei vidareføring av prisane frå 2025 oppjustert med den kommunale deflatoren. I tillegg til innkjøpsprisen har kommunen utgifter til såkalla «residual» og «energiledd» som kommunen må betala for å nytta kraftselskapa sitt kraftnett. Når krafta vert seld til høgare pris enn kostpris (ca 13 øre/kWh), får kommunen eit overskot som kan nyttast til å dekkja deler av kommunen sine utgifter. Dersom salsprisen er lågare enn 13 øre vil kommunen tapa pengar på krafthandelen. Dette tapet må eventuelt dekkast av kommunen sitt disposisjonsfond.

Det er ikkje skatt på konsesjonskraftsalet og kommunen sit att med heile overskotet. For heimfallskrafta må kommunen betale både grunnrenteskatt og overskotsskatt. Samla utgjer desse skattane til staten ca 65% av overskotet frå heimfallskrafta.

For å oppnå stabile kraftinntekter over tid, har heradsstyret (HST 087/20) vedtatt «Strategi for sal av kraft». Strategien inneber at heimfallskrafta vert seld i spotmarknaden, medan størstedelen av

konsesjonskrafta skal prissikrast. På grunn av grunnrenteskatten på heimfallskraft, er det ein stor skatterisiko knytt til å prissikra heimfallskrafta. Dette vert difor ikkje gjort.

Kvam herad nyttar ein ekstern kraftforvaltar for å følgja med på marknaden og handtera salet av krafta.


Kraftmarknaden

Salsprisane både i spot- og framtidsmarknaden svingar mykje. Prisane vert påverka både av tilgangen på ulike energikjelder som vatn, sol, vind, kol, gass og kjernekraft og det løypande kraftforbruket i Skandinavia og delar av Nord-Europa. Forbruket frå dag til dag vert igjen påverka av lokale vêrforhold og etterspurnad. Krig og konflikter har og stor påverknad på kraftprisane.

Samla er desse forholda bakgrunnen for at kommunen sitt resultat på kraftsal svingar mykje over tid og er særskild utfordrande å budsjettera. Kraftinntektene vert løypande justert med oppdaterte marknadsprisar i samband med framlegginga av tertialrapportar.

Budsjett og økonomiplan

For 2026 er 100 % av konsesjonskrafta førehandsseld til ein gjennomsnittleg pris på 64,8 øre/KWh. Heimfallskrafta og resten av konsesjonskrafta vert seld i spot-marknaden, altså til dei prisane som endrar seg kvar dag frå time til time. For å budsjettera desse prisane, vert framtidsprisane i kraftmarknaden lagt til grunn. Prisane i budsjettet er innhenta frå kraftforvaltar 08.10.2025.




Dei blå søylane syner marknadsprisane per månad. Den oransje linja syner gjennomsnittleg budsjettpris per år. I 2025 ligg budsjettprisen på 58 øre. Denne auker gradvis til 62 øre/KWh ved utgangen av økonomiplanperioden.

For 2026 ser kommunen sitt kraftbudsjett slik ut:

Kraft 2026	Heimfall	Konsesjon	Sum
Kraftmengd GWh	106,6	60,9	167,5
Snitt salspris kr/KWh	-0,54	-0,65	-0,58

Salsinntekt MNOK	-57,5	-39,5	-97,0
Kraftkjøp MNOK	14,5	8,2	22,7
Andre utgifter MNOK	2,7	1,3	3,2
Skatter MNOK	27,3		30,9
Resultat MNOK	-13,0	-30,0	-43,0




Inntekta er ulikt fordelt på dei ulike månadene i året grunna variasjonar i mengd og pris. Kommunen sine inntekter er lågast i sommarmånadene grunna lågt volum og låg pris. Grafen under syner utviklinga over året.

Over økonomiplanperioden er resultat frå kraftsal budsjetttert slik:

MNOK	2026	20272	20282	2029
Heimfall	13,1	14,3	15,0	16,2
Konsesjon	30,0	25,4	26,5	28,5
Totalt	43,1	39,7	41,5	44,7

Det er utfordrande å finne att desse tala i budsjettet. Dette skuldast at inntekter frå konsesjonskrafta er definert som «salsinntekter», medan inntekter frå heimfallskrafta er definert som «overføringar frå staten». Kjøp av krafta frå produsent, residual, energiledd, grunnrenteskatt, overskotsskatt og andre utgifter er definert som «driftsutgifter». Krafthandelen vert på denne måten innarbeidd i kommunen sin driftsrekneskap og har direkte innverknad på både brutto og netto driftsresultat.

Utviklinga over tid



Som grafen viser, svingar resultatet frå kraftsal mykje. I 2018 og 2019 var prisane gode og netto resultat frå kraftsal vart 24,0 og 29,6 MNOK. I 2020 var kraftprisane uvanleg låge, slik at heradet tapte pengar på heimfall, medan konsesjonskrafta som var seld til fastpris og sikra kommunen eit samla overskot på kraftsalet 5,7 MNOK. I 2021 var prisane vurdert som svært høge og resultatet enda på 45,2 MNOK. Krigen i Ukraina førte til historisk høge energiprisar og resultatet frå kraftsal i 2022 vart på heile 106,5 MNOK.

Frå og med 2025 ser marknadsforventningane for kraft til å ha stabilisert seg noko og den budsjetterte inntekta frå kraft ligg i intervallet 40 – 45 MNOK. Når ein ser på endringa frå 2022 til 2023 er det viktig å vera klar over at grunnrenteskatten vart auka frå 37 % i 2022 til 45 % i 2023. Dette påverkar dei oransje søylene slik at tala før og etter 2023 ikkje er direkte samanliknbare.

Resultatet frå krafthandel har direkte innverknad på kommunen sitt netto driftsresultat og er ein medverkande årsak til at resultatet svingar mykje og er utfordrande å budsjettera.

Prosjekt i økonomiplan

Driftsprosjekt i Kvam herad

Driftsprosjekta er med i rekneskapsrapportane på dei ulike tenesteområda, driftsprosjekta kan ikkje lånefinansierast, og må derfor finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Kvam herad har få driftsprosjekt i forhold til investeringsprosjekt.

[Driftsprosjekta vert presentert i eit eige vedlegg, som du finn her.](#)

Investeringsprosjekt i Kvam herad

Kvam herad har ei omfattande prosjektportefølje som favner om mange ulike tenesteområde. Kompleksiteten er stor, og prosjektleiar og styringskompetanse er kritiske faktorar for å levera på tid, kostnad og kvalitet. Oversikt over driftsprosjekt ligg også i dette kapittelet.

Investering er eit eige budsjett og rekneskap.

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg. I tabellane under viser totalramma og kva årleg ramme som ligg i åra 2026-2029.

Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, men kan vere delvis finansiert av salsinntekter, overføringer eller fondsbruk. Investeringar kan finansierast med disposisjonsfond slik som driftsprosjekta.

Investeringsprosjekta er delt på andre investeringar og sjølvkost investeringar. Sidan andre investeringar i stor grad er lånefinansiert påverkar investeringsmengda driftsrekneskapen direkte i form av avdrag og renter. Sjølvkost-prosjekta vert finansiert av brukarane, og påverkar dermed ikkje resten av det kommunale driftsrekneskapen. Det er stort sannsyn for at faktisk investeringsbehov innan både sjølvkost og andre investeringar vert høgare utover i perioden enn det som er lagt inn i budsjettforslaget.

Oversikt over sjølvkost og andre investeringar

Beløp i 1000 kr

Investeringsprogram	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Andre investeringar	165 624	111 126	116 113	28 445	27 238
Sjølvkost	39 222	48 405	19 900	4 000	4 000
Totalsum	204 846	159 531	136 013	32 445	31 238

Uavklara investeringsprosjekt

I samband med innsparingsprogrammet, er eksisterande prosjekt gjennomgått. Nokre er redusert omfang på, og/eller forskyvd i tid. Det er også prosjekt som er sett på vent. Mest krevjande er likevel at det framleis er utbyggingsbehov for å møte framtidige behov for heildøgnsomsorgsplassar og andre investeringar komande år. Nedanfor er det ei liste over investeringsprosjekt som ikkje har starta eller kome langt nok i prosessen til at dei hadde avklara status, framdrift, omfang og/eller prioritering då budsjett/økonomiplan vart laga. Lista er dessverre ikkje uttømande i høve kva som kan vil koma av ynskje og behov i komande år.

- Utbyggingsbehov heildøgns omsorgsplassar
- Fosse-senter
- Utbyggingsbehov Norheimsund skule
- Brannsikring bustader. Berre sikring av 23 altanar utgjer om lag 1,4 mnok. Om me ikkje gjer andre endringar med bustadmassen vår, kan brannsikringa koma på fleire titals millionar.
- Investeringsbehov kyrkjebygg

- Namna minnelunder
- Varmeanlegg Bjørketeigen barnehage, estimert til i underkant av 5 mnok.
- Høgdebasseng Kvamskogen
- Infrastruktur veg
- Flaumsikring
- Beredskapslager og -utstyr
- Tilfluktsrom
- Vedlikehaldsetterslep (i driftsrekneskap om det ikkje inneber ei oppgradering)

Nye prosjekt og endra prosjekt

Tabellen under viser nye foreslåtte prosjekt i økonomiplanen

Nye investeringar 2026

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Sum inv.utgifter i øk.plan
0*Dekontaminator	1 050	0	0	0	1 050
0*Nytt høgdebasseng Kvamskogen - prosjektering	1 000	0	0	0	1 000
0*Oppgradering pumpestasjonar - avlaup	700	700	0	0	1 400
0*Oppgradering vassverk - årleg	600	600	600	600	2 400
0*Vatn og avlaup ved Øystese barneskule	3 600	0	0	0	3 600
Totalsum	6 950	1 300	600	600	9 450

I tillegg til nye prosjekt er det foreslått endringar på nokre eksisterande prosjekt. Bakgrunn for endringane kan ein lesa ved å trykka seg innpå kvart enkelt prosjekt.

Endring på prosjektramme

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Sum inv.utgifter i øk.plan
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	190	0	0	0	190
0*Skifte tak Strandebarm kyrkje	1 500	0	0	0	1 500
Husbanklån	5 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Totalsum	6 690	15 000	15 000	15 000	61 690

Framlegg til endra finansiering - eigedomskjøp

Rådmannen si fullmakt til eigedomskjøp på opptil 5 mnok per år har tidlegare vore finansiert av bustadfeltfond der me har sett av salsinntekter frå eigedomssal. Dette har også vore utgangspunktet for talmaterialet i budsjett/økonomiplan. Om me ikkje får vesentlege salsinntekter, vil det ikkje vera tilstrekkeleg fondsmidlar til å finansiera desse kjøpa, og fondsoversikten viser eit overforbruk av fondet i den komande perioden. I framlegg til budsjettvedtak har rådmannen difor bedt om at kjøpa vert finansiert med lån i staden for fond. Om dette vert vedteke, vil rådmannen endra talgrunnlaget i samband med handsaminga av det politiske vedtaket.

Investeringstabell for kommunen samla

Finans og fellespostar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
Eigenkapital KLP	0	2 500	2 500	2 500	7 500
Eigenkapital KLP 2026	2 500	0	0	0	2 500
Sum Andre investeringer	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000

Administrasjon

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
0*IT-investeringar - årlege	1 800	1 800	1 800	1 800	7 200
Sum Andre investeringer	1 800	1 800	1 800	1 800	7 200
Sum	1 800	1 800	1 800	1 800	7 200

Barnehagar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg	188	188	188	188	750
Sum Andre investeringer	188	188	188	188	750
Sum	188	188	188	188	750

Grunnskuleopplæring

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2026	2027	2028	2029	2026-29
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	3 400	1 500	1 500	1 500	7 900
0*Norheimsund skule - uteområde	6 500	0	0	0	6 500
0*Ombygging Øystese barneskule	63 750	83 750	0	0	147 500
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg	635	750	750	750	2 885
0*Skule - inventar og utstyr - årleg	188	188	188	188	750
0*Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule	1 875	0	0	0	1 875
Sum Andre investeringer	76 348	86 188	2 438	2 438	167 410
Sum	76 348	86 188	2 438	2 438	167 410

Pleie og omsorg

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2026	2027	2028	2029	2026-29
Andre investeringer					
0*Dekontaminator	1 050	0	0	0	1 050
0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon	0	0	625	0	625
0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Tolo varmesentral	4 375	0	0	0	4 375
0*Ombygging Mikkjelsflaten	625	0	0	0	625
0*Utfasa sjøvassleidning Kyrkjefjæra Øystese	0	3 750	0	0	3 750
0*Velferdteknologi - årleg	750	750	750	750	3 000
Sum Andre investeringer	6 800	4 500	1 375	750	13 425
Sum	6 800	4 500	1 375	750	13 425

Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2026	2027	2028	2029	2026-29
Andre investeringer					
0*Samankopling Vikøy vassverk - anleggsbidrag	9 700	0	0	0	9 700
Sum Andre investeringer	9 700	0	0	0	9 700
Selvkost					
0*Fornyng teknisk utstyr VAR - årleg	500	500	500	500	2 000
0*Ny vassleidning Mo-Nobbo	2 150	0	0	0	2 150
0*Nytt høgdebasseng Kvamskogen - prosjektering	1 000	0	0	0	1 000
0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup	600	600	600	600	2 400
0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg	800	800	800	800	3 200
0*Oppgradering pumpestasjonar - avlaup	700	700	0	0	1 400
0*Oppgradering vassverk - årleg	600	600	600	600	2 400
0*Overføring avlaupsvatn Vikøy	1 340	0	0	0	1 340
0*Overvatn Norheimsbakken/Mjølstølvegen	4 000	0	0	0	4 000

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
0*Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås	181	0	0	0	181
0*Prosjektering Nytt inntak frå Forsete og opp i Kalderassen	500	0	0	0	500
0*Prosjektering Øvre Valland/Vallandshovden	134	0	0	0	134
0*Samankopling/overtaking Vikøy vassverk	500	0	0	0	500
0*Sanere deler av avløpsnett i Vikøy	200	0	0	0	200
0*Sanering vass- og avlaupsanlegg Børvenes	22 200	15 200	0	0	37 400
0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden	2 900	0	0	0	2 900
0*Vassleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa	5 000	0	0	0	5 000
0*Vatn og avlaup ved Øystese barneskule	3 600	0	0	0	3 600
Sum Selvkost	48 405	19 900	4 000	4 000	76 305
Sum	58 105	19 900	4 000	4 000	86 005

Plan og byggesak

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
0*Ny GPS til oppmåling	312	0	0	0	312
Sum Andre investeringer	312	0	0	0	312
Sum	312	0	0	0	312

Kyrkja

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
0*Skifte tak Strandebarbm kyrkje	1 500	0	0	0	1 500
Sum Andre investeringer	1 500	0	0	0	1 500
Sum	1 500	0	0	0	1 500

Samferdsel

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Andre investeringer					
0*Asfaltering - årleg	4 500	4 500	3 125	3 125	15 250
0*Fornyng teknisk utstyr - årleg	625	625	625	625	2 500
0*Gangveg frå FV79 til Pensjonisten	4 437	0	0	0	4 437
0*Rassikringstiltak - årleg	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
0*Utbetring kommunale bruer - årleg	313	313	313	313	1 252
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	250	250	250	250	1 000
0/1*Trafikksikringsplan - årleg	250	250	250	250	1 000

Økonomiplan for 2026-2029

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Sum Andre investeringer	11 625	7 188	5 813	5 813	30 439
Sum	11 625	7 188	5 813	5 813	30 439

Bustad

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Eigedomskjøp	0	5 000	5 000	5 000	15 000
Sum	0	5 000	5 000	5 000	15 000
Andre investeringer					
0*ENØK - Oppgradering eksisterende ventilasjon Mikkjelsflaten	0	0	582	0	582
0*Ny elektrokjel på Mikkjelsflaten	1 375	0	0	0	1 375
0*Nødstraum Mikkjelsflaten	1 125	0	0	0	1 125
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	190	0	0	0	190
0*Oppgradering bygg -årleg	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
Eigedomskjøp 2026	5 000	0	0	0	5 000
Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Sum Andre investeringer	23 940	16 250	16 832	16 250	73 272
Sum	23 940	21 250	21 832	21 250	88 272

Brann- og ulykkesvern

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Andre investeringer					
0*Utskifting av brannbil i Ålvik	8 625	0	0	0	8 625
Sum Andre investeringer	8 625	0	0	0	8 625
Sum	8 625	0	0	0	8 625

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringer i varige driftsmidler	172 743	126 013	22 445	21 238
Tilskudd til andres investeringer	1 500	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 500	2 500	2 500	2 500
Utlån av egne midler	15 000	15 000	15 000	15 000
Avdrag på lån	4 500	4 500	2 500	2 500
Sum finansieringsbehov	196 243	148 013	42 445	41 238
Kompensasjon for merverdiavgift	-21 528	-33 098	-2 689	-2 448
Tilskudd fra andre	-10 600	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-4 500	-4 500	-2 200	-2 200
Bruk av lån	-137 978	-102 915	-29 756	-28 790
Overføring fra drift	0	0	0	0

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-14 112	0	-300	-300
Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-7 500	-7 500	-7 500	-7 500
Sum finansiering	-196 218	-148 013	-42 445	-41 238
Sum finansieringsbehov	196 243	148 013	42 445	41 238
Sum finansiering	-196 218	-148 013	-42 445	-41 238
Udekt finansiering	25	0	0	0

Samfunnsutvikling

Visjon

Å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future.

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting

Mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må vidareutvikla regionsenteret i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon.

For å nå måla, er det valt fylgjande satsningsområde:

- Stadutvikling
- Bustad
- Infrastruktur og kommunikasjon
- Verdiskaping gjennom samarbeid
- Livskvalitet

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel

Ein kommune har ei rekkje roller å ivareta:

- kommunen skal vere ein samfunnsutviklar,
- ein tenesteytar,
- ein ressursforvaltar
- og ein arbeidsgjevar.

Retningslinjene for rolla som samfunnsutviklar ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel. Den igjen legg føringar for andre planar som kommunen sin arealplan, temavise kommunedelplanar og kva for prioriteringar kommunen skal ha i planperioden.

Kommunen er i gong med rullering av samfunnsdelen. Når me no skal sjå på samfunnsdelen på nytt, så vil arbeidet gjere følgjande vurderingar:

- Skal me endra visjonen og hovudmålet til kommunen?
- Kva for satsingsområde skal me ha? Kor mange skal me ha?
- Kva for mål skal me ha for Kvam?
- Kva må til for å nå dei måla me set for både Kvam som samfunn, men og for kommunen som organisasjon?

Planane til kommunen er viktige verktøy for styring. Dei skal bidra til å samordna ressursane våre for å utvikla ein trygg og attraktiv kommune. På same tid skal planarbeidet gje eit godt grunnlag for politisk og administrativ styring. Gjennom ein planprosess kartlegg me utfordringar og moglegheiter.

Innbyggjarane/brukarane sine ønske og behov skal vera vektlagt. Svara våre på dette vil liggja til grunn for korleis me prioriterer i åra som kjem.

Nokre av hovudutfordringane Kvammasamfunnet vil ha framover (ikkje ei uttømmende liste):

- Demografien til kommunen: aldrande befolkning, kvinneunderskot og låg andel unge vaksne.
- Økonomien til kommunen: mindre ressursar til å gjennomføre naudsynt tiltak
- Sikkerheit og klima: auka risiko for naturfare og ein meir ustabil verd krev at kommunen jobbar med sikkerheit og beredskap
- Folkehelse: sosiale skilnadar og behov for å fremja god helse i alle livsfasar

Gode og oppdaterte planar, baserte på best mogleg tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag, er ein føresetnad for ei berekraftig samfunnsutvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for all planlegging og tenesteutøving.

Når ein plan er vedteken av heradsstyret, er det administrasjonen sitt ansvar å sørge for at planen blir teken med vidare i prosessane rundt økonomiplan med årsbudsjett og verksemdsplanlegging, slik at tiltaka i planen blir gjennomført.

Inntil ny samfunnsplan er vedteken, vert framlegg til budsjett og økonomiplan basert på gjeldande samfunnsplan.

Samfunnstryggleik og beredskap

Ei av hovudutfordringane nemnt ovanfor, er samfunnstryggleik og beredskap. Noverande heradsstyre har hatt oppe tema i samband med mellom anna overordna risiko- og sårbarheitsanalyse og overordna

beredskapsplan. Rådmannen vil likevel nytte høvet i budsjettdokumentet for ein gjennomgang som del av samfunnsutviklinga, då dette vil utfordra oss i endå større grad i åra framover når det gjeld ressursbruk. Allereie no brukar me meir ressursar på beredskapsarbeid og øvingar. Bakgrunnen er at kommunen har eit grunnleggjande ansvar for å utvikla trygge og robuste lokalsamfunn og for å sikra tryggleiken til innbyggjarane. Jamvel om ein aldri veit når eller kva for uynskte hendingar som kjem til å råka, veit me at slike hendingar kjem til å koma og at samfunnet vert utfordra. Slik det ser ut no, er dette også hendingar som kjem hyppigare og stiller store krav til handtering.


Forskrift om kommunal beredskap oppsummerer pliktene til kommunen. Ho skal syta for at kommunen tek i vare tryggleiken til innbyggjarane. Kommunen skal jobba systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar, med mål om å redusera risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikta gjeld for kommunen som styresmakt, som verksemd og som pådrivar andsynes andre aktørar.

Arbeidet til kommunen med samfunnstryggleik og beredskap er primært retta mot hendingar som råkar og utfordrar lokalsamfunnet. Slike hendingar kan stilla store krav til handtering på nasjonalt nivå. I tillegg til å sikra trygge lokalsamfunn, skal kommunen bidra til å oppretthalda kritiske samfunnsfunksjonar ved uynskte hendingar. Dette krev at me arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar.

Samfunnstryggleik er samfunnet si evne til å verna seg mot og handtera uønska hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar som set liv og helse i fare. **Beredskap** er tiltak for å førebyggja, avgrensa eller handtera uønska hendingar og kriser som kan få alvorlege konsekvensar for menneske, miljøet og materielle verdiar.

Totalforsvarsmeldinga 2025 vart lagt fram 10. januar 2025 og markerer eit viktig skifte i norsk beredskapspolitikk. Ho byggjer på rapporten frå Totalberedskapskommisjonen og tek utgangspunkt i ei alvorleg tryggleikspolitisk utvikling, med krig i Ukraina, uro i Midtausten og aukande truslar som cyberangrep og påverknadsoperasjonar. Meldinga inneheld over 100 tiltak for å styrka totalberedskapen og understrekar at alle samfunnsaktørar må bidra – frå enkeltpersonar til kommunar og næringsliv. Det er nødvendig med betre samordning og prioritering av ressursar, og alle delar av det sivile samfunnet må samarbeida tettare, dela meir informasjon og øva saman.

Totalberedskap er samfunnet si evne til å mobilisera dei samla ressursane for å stå best mogleg rusta mot samansette risiko- og trusselbilete. Det er berre gjennom eit motstandsdyktig og uthaldande sivilt samfunn at Norge kan stå i mot eit meir akutt og komplisert trusselbilete. I arbeidet med å styrka motstandskrafta til sivilsamfunnet peikar Totalforsvarsmeldinga 2025 på tre hovudmål:



1. Vere **førebudd** på krise og krig.
2. **Stå imot** samansette truslar.

3. **Støtte** opp om militær innsats.

Kommunane har ei sentral rolle i totalforsvaret og skal:

- **Oppdatera og bruka heilskapleg ROS-analyse** som grunnlag for beredskapsplanlegging.
- **Etablera og bruk kommunale beredskapsråd** aktivt i planlegging, øving og krisehandtering.
- **Samarbeida på tvers av sektorar** med statlege etatar, frivillige organisasjonar og næringsliv.
- **Styrka lokal motstandskraft** mot truslar som sabotasje, cyberangrep og desinformasjon.
- **Bidra til å støtta Forsvaret** ved kriser og krig, til dømes gjennom helseberedskap, logistikk og infrastruktur.

Beredskapsarbeid i Kvam herad

Rådmannen har i 2025 lagt fram oppdatert heilskapleg ROS-analyse til politisk handsaming. Ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ein metode for å identifisera og vurdere potensielle **uynskte hendingar** som kan skje i kommunen. Analysen skal seia noko om **sannsynet** for at det uynskte skjer, samt **konsekvensane** dersom det skjer, og analysen føreslår tiltak for å redusere sannsynet for at noko skjer.


Heilskapleg-ROS dannar grunnlag for overordna beredskapsplan som rådmannen la fram til politisk handsaming i september 2025. Overordna beredskapsplan skal gje informasjon om korleis Kvam herad ivaretek ansvaret for heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik og arbeid med beredskap. Planen er bygd opp i samsvar med lover og forskrifter.

Planen er eit strategisk dokument som skildrar korleis kommunen skal organisera seg og handla i ulike krisesituasjonar som er skildra i heilskapleg ROS. Hovudmålet er å ha ein plan som skal sikra liv, helse, miljø og materielle verdiar i kommunen slik at dei som oppheld seg i kommunen blir ivaretekne og at kommunen klarer å oppretthalda kommunale tenester under uynskte hendingar.

Kompetanse, øving og læring

Det er utarbeida ein årleg øvingsplan for den kommunale kriseleiinga. Alle som har ei rolle i krisehandteringa, skal ha tilstrekkelege kvalifikasjonar den kommunale kriseleiinga (KKL) har ansvar for å vurdere og handtera uynskte hendingar som råkar kommunen. Oppgåvene er breie og dekkjer alt frå informasjonsinnhenting til etterarbeid. Øving med jamne mellomrom er eit viktig verktøy for å auka evna kommunen har til å handtera kriser. Kvam herad legg opp til å øva beredskapsplanen fleire gonger i året, og scenarioa vert henta frå heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Øvingsplanen seier noko om estimert tal på øvingstimar i året, og plan for når øvingane skal utførast. Øvingane er definert inn i ulike nivå i samsvar med øvingsrettleiar utarbeida av direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Øvingane vert alltid avslutta med evaluering for å fanga opp viktige læringspunkt og forbedringsområder. Evalueringpunkta tek ein med seg til neste øving.



Ivaretaking av tilsette etter kritiske hendinger

Gjennom arbeidsmiljølova og sivilbeskyttelseslova har heradet eit lovpålagt ansvar for å følgja opp og ta vare på tilsette etter kritiske hendinger. Dette ansvaret handlar om meir enn berre det formelle – det krev at arbeidsgjevar har omsorg for kvar einskild i tillegg til eit trygt arbeidsmiljø.

Psykososial beredskap handlar om å planleggja for korleis me skal ta vare på kvarandre før, under og etter kritiske hendinger. Reaksjonane varierer frå person til person. Derfor er det viktig at leiarar har kunnskap og kompetanse til å handtera slike situasjonar, slik at omsorga vert gjeve på ein klok og profesjonell måte.

Hovudmålet med psykososial beredskap er å unngå to ting:

- Nedsett funksjonsnivå: At den einskilde slit med å handtera eigne kjensler og fungera i sosiale relasjonar.
- Redusert livskvalitet: At den einskilde opplever dårleg velvære og har vanskar med å utføra daglege aktivitetar.

Administrasjonen har utarbeidd ein plan og tiltakskort for ivaretaking av tilsette etter kritiske hendinger. Planen og tiltakskorta skal implementerast i organisasjonen frå 2026.

Samvirkeaktørar

Effektiv krisehandtering krev godt samarbeid med andre aktørar. Viktige samarbeidspartnarane til kommunen er mellom anna politiet, statsforvaltaren, samarbeid med andre kommunar (nettverk), sivilforsvaret og frivillige lag og organisasjonar.

Alle kommunar er pålagde å jobba systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapsrådet i Kvam herad er ein viktig arena for å oppfylle denne plikta, spesielt for å styrkja det førebyggjande arbeidet og ha god grunnberedskap i lokalsamfunnet. Kvam heradstyre gjorde i februar 2024 vedtak om kven som skal vera representantar i det kommunale beredskapsrådet i heradet ref HST-012/24.

Rådet er ein arena der kommunen kan samarbeida med eksterne aktørar som politiet, Sivilforsvaret, Raudekrossen, Grannehjelpa og fleire lokale verksemdar. Dette sikrar at lokale beredskapsressursar finn kvarandre når det trengst. Beredskapsrådet har rådgjevande mynde, og medlemmene har ansvar for å følgja opp tilrådingane i eigne organisasjonar. Aktuelle tema for beredskapsrådet er samordning av beredskapsplanar, klargjering av ansvar og rolledeleging, utveksling av informasjon om planlegging og ressursar, felles øving og trening. Beredskapsrådet i Kvam herad har to møte årleg.

Kvam herad har inngått avtalar med fleire frivillige lag og organisasjonar om samarbeid. Eit viktig arbeid framover blir å få endå større og breiare oversikt over kva ressursar som er tilgjengeleg ved uynskte hendingar i kommunen og å gje dei ulike aktørane høve til å delta på kommunen si årlege samvirkeøving slik at me får øva saman.

Beredskap kostar - uklare forventningar til kommunane

Rådmannen vurderer at rammeoverføringane til kommunen ikkje står i forhold til kva krav og forventningar som er til samfunnstryggleik og kommunal beredskap.

Det er store variasjonar i ressursbruk på beredskap mellom kommunar. KS har uttala at kommunane har ei anerkjent rolle som ein viktig beredskapsaktør, men at pengane manglar. Kommunane brukar pengar på personell som arbeider med beredskap, tid til øving, samarbeid og koordinering, helseberedskap, informasjonsarbeid og infrastruktur som teknisk utstyr.

Rådmannen er og uroa over uklare forventningar til kommunane framover i forhold til tilfluktsrom og beredskapslager.

Det er kun eit fåtal av kommunane i Norge som har tilfluktsrom for alle innbyggjarane i kommunen. Og det er heller ikkje bygd nye tilfluktsrom sidan seint på 1990-talet. I Kvam herad er det ikkje offentlege tilfluktsrom per i dag.

Stortinget har vedteke at nye bygg over 1000m² skal ha tilfluktsrom. Frå nasjonalt hald vert det jobba med nye forskrifter og beredskapskonsept, men ingenting er avklara endå, verken finansiering eller nasjonal standard for tilfluktsrom.

Kommunen har ansvar for å oppretthalda kritiske samfunnsfunksjonar ved krise og uønska hendingar. Og kommunen skal sikra tilgang til mat, vatn, straum, kommunikasjon og medisin for innbyggjarane. Dette inneber at kommunen må vurdere behovet for beredskapslager. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap anbefalar kommunane å ha beredskapslaget som dekkar grunnleggjande behov for innbyggjarane og tilsette, og at kommunane samordnar lagerbehov gjennom interkommunalt samarbeid og lokale aktørar. Frå statleg hald er det ikkje ein nasjonal standard for kva eit kommunalt beredskapslager skal innehalda eller kor stort det skal vera med tanke på innbyggjarar i kommunen. Det er kommunen sjølv som må vurdere behovet lokalt, men her etterlyser rådmannen likevel overordna retningslinjer. Når det gjeld helseberedskap, er det frå 1. januar 2026 lovkrav om beredskapslager av personleg verneutstyr i helse og omsorgstenesta. Kommunen skal sikra forsyning av viktig materiell, utstyr og legemiddel ved kriser.

Oppsummert

Av dei sentral rolle som Totalforsvarmeldinga 2025 løftar fram at kommunen har vurderer rådmannen at Kvam herad har mykje på plass når det gjeld oversikt, planar, rutinar, plan for øving og samarbeid på tvers. Men det står likevel att noko arbeid med å få større oversikt over tilgjengeleg ressursar i kommunen, øva organisasjonen opp til eit endå høgare kompetansenivå, som gjer oss endå betre rusta til å handtera uønska hendingar. I tillegg trengst det avklaringar opp mot nasjonale myndigheiter når det gjeld finansiering og ansvarsfordeling mellom stat og kommune.

Organisasjon

Rekruttera og behalda kompetanse

Rekrutteringsbehovet i økonomiplanperioden kjem til å vera påverka av omstillingsprosessar. KSK tilrår at alle former for turnover må nyttast maksimalt for å unngå oppseiingar i tida framover. Det tyder at ved ledige stillingar må ein vurderer om andre kan ta over arbeidsoppgåvene, om ein kan rokkera tilsette, om oppgåva kan løysast på andre måtar eller om det er oppgåver som ikkje lenger er bruk for (KSK-rapport s. 79).

Det er ulike faktorar som påverkar kommunen sitt rekrutteringsbehov. Dette er faktorar som kan endra seg over tid. Døme kan vera:

- Stillingsstorleik - kor stor del som arbeider heiltid
- Sjukefråvær - behov for å erstatta kompetanse mellombels
- Pensjonsalder - kor mange som vel å stå lenger i jobb
- Turnover - kor mange som vel å skifta jobb
- Utdanningsnivå - kva alternative jobbar fins for ulike utdanningar
- Produktivitet - kor effektivt klarer me løysa oppgåvene
- Fjernarbeid - arbeid frå ulike geografiske stadar
- Tal elevar per lærar/barnehagelærar (lærartettleik, statlege bemanningsnormer)
- Nye oppgåver kan bli tilført kommunen eller kommunene kan setja ut oppgåver
- Befolkningsprognosar frå SSB (fødselstal, levealder, flyttemønster, innvandring, m.m.)

Norske kommunar står ovafor store omstillingar i åra framover, som i høg grad aktualiserer rekrutteringsutfordringane og det aukande behovet for ulike former for kompetanse. Kommunen treng kompetanse på heile skalaen frå praksisbasert kompetanse til formalisert utdanning.

Helse og omsorg kjem til å ha dei største utfordringane. Helsedirektoratet anslår at mangelen på helsepersonell vil auka fram mot 2040, og Perspektivmeldinga peikar på eit behov for 180 000 fleire i helse- og omsorgssektoren innan 2060. Sjukepleiarar og helsefagarbeidarar vil vera mest etterspurde.

Kvam herad vil få ein ganske sterk reduksjon i talet på unge dei neste åra (KS-konsulent rapport s.20). Samtidig aukar talet på eldre vesentleg. I praksis betyr dette at kommunen må dreia ressursar frå barn og unge og over til eldre.

Nedgangen i elevtal vil vera særleg merkbar frå 2030. Redusert lærartettleik, strukturendringar og færre ressursar til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) vil medføra redusert rekrutteringsbehov når dette vert realisert. Rekrutteringsbehovet for grunnskulelærar er dermed antatt å avta i åra framover.

Dei viktigaste drivkreftene bak kommunen sitt rekrutteringsbehov i åra framover vil vera:

- Ei aldrande befolkning som gir auka etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester
- Digitalisering, grønn omstilling og nye oppgåver som krev meir spesialisert kompetanse, særleg innen IKT og tekniske fag, men også i innan helse og omsorgstenestene.
- Høg turnover og pensjonsavgang: Alt tyder på at dei som i dag er byrjinga av yrkeskarriera si, kjem til å skifta jobb mykje oftare enn tidlegare generasjonar arbeidstakarar. Pensjonsreform, ei stadig friskare og høgare utdanna befolkning i tillegg til at den tariffesta aldersgrensa aukar frå 70 til 72 år frå 1.1.26, vil kunne medføre at fleire er yrkesaktive lengre. Når dei mange som valde helse og omsorgsykker på 70 og 80 talet er eller blir pensjonistar, er det langt færre som står klare til å erstatta dei. Statistikken vår viser at den gjennomsnittlege tilsetjingstida for kvinner i dag er 15 år og for menn 12 år. Det viser at tilsette vert verande i organisasjonen lenge. Om dette vil vera ein trend også i åra framover, er usikkert. Det kan t.d. hengja saman med utviklinga i etablering av fjernarbeidsplassar. Hardangerrådet har nyleg fått utarbeidd ein rapport som viser at 15% av dei 500 spurde, vurderer det som aktuelt å flytta ut i distriktet dersom dei kan fjernarbeida (Kjelde: NORCE-rapport nr. 17-2025). Det er i hovudsak positivt for distrikta at tilbodet om fjernarbeidsplassar aukar, men det representerer også ein skjerpa konkurranse om arbeidskraft med høgare utdanning.

Ikkje alle jobbar kan utførast gjennom fjernarbeid. Sjølv med innslag av digitalisering og omsorgsteknologi, vil kommunen framleis har behov for tilsette som er fysisk tilstades i tenestene. Det er ikkje realistisk at kommunen kan løysa oppgåvene ved å fylla på med fleire tilsette. Då må mange fleire velja helsefagleg utdanning. Dessutan gjenstår det å sjå om mange nok helsepersonell vil stå i jobb utover 65 eller 67 års grensa. Tabellen nedanfor viser avgang av helsepersonellet vårt dersom dei går av ved fylte 67 år:

År:	Leiar:	Sjukepleiar:	Vernepleiar:	Fagarbeidar:
2026	1	1	0	1
2027	1	2	0	3
2028	2	2	1	4
2029	2	3	1	4
2030	2	6	2	6
2031	2	6	2	8
2032	2	8	2	10
2033	2	9	2	11
2034	2	9	3	13
2035	3	9	4	18
2036	3	10	5	24
2037	3	10	5	32
2038	3	11	5	37
2039	5	13	5	43
2040	6	15	5	48
2041	6	17	5	49
2042	6	18	5	54
2043	6	19	6	55
2044	7	20	6	61
2045	7	20	6	63
2046	9	20	6	68
2047	9	23	6	73
2048	10	23	6	76
2049	10	25	6	79
2050	11	25	6	83

Fig. 1: Avgang av helsepersonell dersom tilsette pensjonerer seg ved fylte 67 år i perioden 2026-25

Tabellen viser at det særleg er eit høgt tal helsefagarbeidarar som kjem til å forsvinna ut av pleie og omsorg. Gjennom ny oppgåvedeling er det nettopp denne yrkesgruppa me treng fleire av.

Eit sentralt spørsmål i rekruttering er korleis ein kan mobilisera mest mogleg arbeidskraft i befolkninga, korleis desse skal bli fordelt mellom sektorane i arbeidslivet og korleis unngå ein «alles kamp mot alle».

Skal helse og omsorgstenestene verta berekraftige framover, handlar det om å bruka dei tilsette si tid og kompetanse på ein best mogleg måte (betre oppgåvedeling), tilby nye og fleksible arbeidstidsordningar og ei organisering som nyttar personellressursane best mogleg.

Organisering

Kvam herad hadde 997 tilsette pr. oktober 2025. Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på tilsette og utførte årsverk dei siste 12 månadane:





Fig. 2: Tal tilsette og utførte årsverk siste 12 månader. Kjelde: Visma BI-HRM

Organisasjonskart



Arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leiarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også eit handlingsrom for å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeiderskap og i Kvam herad vil me at leiarane er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leiarar skal leggja til rette for meistring, innovasjon og kontinuerleg forbetring gjennom m.a. å setja mål og jakta effektar som gir verdi for brukarane.

Medarbeidarar i Kvam herad vil verta kjenneteikna av at dei er:

- Profesjonelle
- Innovatørar
- Lagspelarar

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet. Kommunen treng tilsette som tenkjer nytt gjennom å foreslå nye løysingar, vera opne for endringar, dela og auka kompetansen sin og samarbeida tverrfagleg.

Medarbeidarundersøking – «10-faktor»

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar i heile organisasjonen. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor». Undersøkinga er gjennomført fire gonger; i 2017, 2019, 2021 og 2023. Neste måling vert i byrjinga av 2026.

Undersøkinga måler faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat og er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse. Det er utarbeidd eit oppfølgingssystem som arbeidsplassane skal nytta for å følgja opp resultatane.

Kompetanseutvikling

Kvam herad er ein kompetanseorganisasjon med krav til kontinuerleg oppdatering av fagleg kunnskap. Kommunen tilbyr økonomisk støtte og tilrettelegging for å gjennomføra grunn- og vidareutdanningar innan mange ulike fagområde. Fleire kompetansetiltak er obligatoriske, som t.d. vidareutdanningar for lærarar innan den nasjonale strategien "Kompetanse for kvalitet" eller spesialiseringssløpet for allmennlegar og psykologar.

I tillegg til vidareutdanning som utdanningsinstitusjonar tilbyr, tilbyr Kvam herad e-læringstilbod via læringsplattforma KS kunnskap. På denne opplæringsarenaen kan kommunane utvikla eigne kurs for deretter å dela dei med andre kommunar. Samtidig kan Kvam henta kursopplegg som andre kommunar har utvikla og tilpassa dei til eigen organisasjon. Kvam herad har innført Dossier kompetanse som gir leiarane oversikt over kva kompetanse som fins i organisasjonen og status og framdrift for gjennomføring av tilsette sine kompetanseplanar.

Kvam herad har eit nært samarbeid med opplæringskontoret Handalag om lærlingar, men også om kvalifisering av vaksne til fagbrev. Kvam herad har til ei kvar tid om lag 30 lærlingar – noko som tilsvarar 2,9 pr innbyggjar.

Frå hausten 2025 er det igangsett 4-årig arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning i eit samarbeid mellom kommunane, Voss og Hardanger næringshage og Høgskulen på Vestlandet. Undervisninga er samlingsbasert med samlingar lokalt i deltakarkommunane. Frå Kvam deltek fire studentar.

Heiltidskultur


Pr 1.10.25 er det 997 tilsette i heradet. 786 av desse er kvinner og 211 er menn. Tilsvarande tal i 2024 var 1065. Talet varierer m.a. etter kor mange vikarar som er inne på teljetidspunktet.



Det har lenge vore eit mål å tilby større stillingar og få fleire til å arbeida heiltid – særleg gjeld dette for pleie og omsorg som har høg grad av deltidsarbeid. Grunnbemanningsprosjektet i pleie og omsorg har imidlertid synleggjort at det er ei side ved heiltidsarbeid i turnus som me ikkje har vore tilstrekkeleg medvitne når fleire har fått høgare stilling: det faktum at talet på helgetimar må auka i tråd med grad av heiltid ved tradisjonelt turnusarbeid med arbeid kvar tredje helg, dvs. jo høgare stillingsprosent desto fleire helgetimar bør den tilsette arbeida. Alternativet er «langvakter» - noko som er innført i fleire deler av pleie og omsorg som ei frivillig ordning.

Betre fordeling av helgetimar er ein føresetnad for heiltidskultur. Me kjem ikkje utanom dette dersom me skal få ein berekraftig helse og omsorgssektor.

Pr. 1.10.25 er den gjennomsnittlege deltidsprosenten omlag 80%. Kvinner arbeider i snitt 79,4% stilling og menn arbeider i snitt 77,9% (inkluderer deltidsbrannvern med beredskapsvakt og faste øvingar i små stillingsbrøkar). 325 kvinner og 118 menn arbeider heiltid, dvs. at heiltidsandelen er på 45% på teljetidspunktet.



Tal på tilsette innan ulike stillingsstorleikar

Det har lenge vore eit mål å tilby større stillingar og få fleire til å arbeida heiltid. Grunnbemanningsprosjektet i pleie og omsorg har imidlertid synleggjort ei utfordring i dette biletet: det å dekkja talet på helgetimar aukar i tråd med grad av heiltid ved tradisjonelt turnusarbeid med arbeid kvar tredje helg, dvs. jo høgare stillingsprosent desto fleire helgetimar bør den tilsette arbeida. Men mange som vil ha større stilling, vil ikkje arbeida fleire helgetimar.

Befolkningsframskriving og framtidige kompetansebehov er dei viktigaste grunnane til at fleire må jobba heiltid. Bette fordeling av helgetimar er samtidig ein føresetnad for at fleire kan få heiltidsstilling. Me kjem ikkje utanom dette dersom me skal få ei bærekraftig helse og omsorgstenesta.

Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Kommunen skal handtera komplekse oppgåver og har høge krav til kvalitet, fornying og effektivitet i eit samfunn i stadig endring. Å byggja kultur for innovasjon og nyskaping må er ei leiaroppgåve gjennom å finna innovative løysingar i breitt samarbeid med mange aktørar som har ulike interesser og behov. Teknologi er den viktigaste innsatsfaktoren og drivaren for innovasjonsarbeid i tenestene.

Kunstig intelligens (KI) er på full fart inn i organisasjonen. Framover blir utfordringa å nyttiggjera oss KI til å omstilla oss og frigjera ressursar til der me treng det mest.

Undersøkingar viser at godt over halvparten av offentlege verksemdar opplever at kunstig intelligens gjer jobben raskare og frigjer tid. Særleg rutineprega og tidkrevande oppgåver innan dokumentasjonsarbeid, oppsummering av datafangst, journalskriving og automatisering av enkle avgjerder vert effektivisert. Utfordringa er å få gevinst i form av reduserte kostnader og ressursbruk.

Med eit strammare kommunebudsjett, må KI bidra til å omstilla og frigjera ressursar der me treng det mest. KI-teknologien må verta ein naturleg del av arbeidsprosessane våre.

Kvam herad skal driva omstillingsarbeid i ei anna takt enn tidlegare dei neste åra. Det er eit gap mellom forventningane til kommunen og kva som er mogleg å få til med dei ressursane som er tilgjengeleg. Tenesteutvikling skal skje parallellt med at forventningane til kva kommunen kan levera, må ned. Skal velferdstenestene i kommunen verta meir berekraftige, må me gjera reelle endringar i korleis tenestene er organisert og lokalisert og kva dei skal innehalda. Det inneber at tenestenivået må ned. Det vil krevja at folkevalde og administrasjon har felles forståing av utfordringsbiletet og at omstilling må skje i god medverknad med dei som vert råka.

Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv


Staten og partane i arbeidslivet vart einige om ny, forsterka IA-avtale frå 2025-2028, og at det må ein kraftigare innsats til for å få ned sjukefråværet.

Partene vil bruka 2025 og 2026 til ei brei kunnskapsinnhenting om sjukefråværet. Basert på kunnskapen vil partane bruka 2027 og 2028 til å diskutera behov for justering og iverksetjing av eventuelle nye tiltak.

Sjukfråværet i Kvam herad er på 9,2% pr 1.10.25. Det er på veg ned, og under nivået i 2024 sidan i mars. Det er likevel høgare enn målet på 8%. Sjukefråværet har auka etter pandemien og ser ikkje ut til å falla tilbake til nivået før pandemien. Det er store variasjonar i fråværsprosent mellom einingane. Sjukefråværet er høgare i barnehage og helse og omsorg enn innan skule, administrasjon og teknisk.

Økonomiplan for 2026-2029


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2024 og jan – okt 2025

Også mellom kjønna er det stor forskjell når det gjeld fråvær. Kvinner har vesentleg høgare fråvær enn menn:

Kjønnsfordelt siste 12 mnd




Gjennomsnittleg sjukefråvær fordelt mellom kvinner og menn nov.2024-okt. 2025


Diagrammet nedanfor viser korleis fråværet fordeler seg på korttidsfråvær og langtidsfråvær:

Gjennomsnittleg sjukefråvær dokumentert med eigenmelding og fordelinga mellom eigenmeldt og legemeldt fråvær siste 12 månader

Egenmeldt - fordelt på ukedager siste 12 mnd



Fordelt på egen- og legemeldt siste 12 mnd



Dei første 16 fráværslagane er arbeidsgjevar sin kostnad åleine og utgjer om lag 1% av det totale sjukefráværet på 9,5% siste 12 månader. 8,5% av fráværet vert dokumentert med sjukemelding frå lege.

Nav refunderer sjukepengekostnaden etter arbeidsgjevarperioden på 16 dagar, men ikkje fullt ut. Ser ein nærmare på fráværskostnaden, er ser ein at også langtidsfrávøret har ein høg kostnad for kommunen:

Måned	Total fráværskostnad			24 145 927
Januar 2025, Februar...	Gjennomsnitt per måned			2 414 593
	Detaljer			
	Total	I arbeidsgjevarperioden	Utenfor arbeidsgjevarperioden	
Lønn i frávær	34 052 472	9 255 331	24 797 140	
+ Pensjon i frávær	5 661 383	1 467 549	4 193 834	
+ Feriepenger i frávær	4 252 742	1 142 791	3 109 952	
+ Arbeidsgjevaravgift i frávær	5 980 219	1 630 810	4 349 409	
+ Ekstra arbeidsgjevaravgift	0	0	0	
- Refusjoner	-21 572 891	-459 047	-21 113 844	
- Redusert arbeidsgjevaravgift	-2 912 161	-64 003	-2 848 157	
- Refunderte feriepenger	-1 315 837	-48 448	-1 267 390	
= Fráværskostnad	24 145 927	12 924 983	11 220 944	

Sjukefráværskostnad jan – okt 2025 – i og utanfor arbeidsgjevarperioden

Tabellen viser ein fráværskostnad på mnok 24 145 927 hittil i år. Frávær i arbeidsgjevarperioden har ein kostnad på 12 924 983, medan frávær utover arbeidsgjevarperioden kostar mnok 11 220 944. Sjølv om kommunen får refundert forskottet sjukelønn, kjem det likevel kostnadar som ikkje vert refunderte. I tillegg kjem eventuell vikarkostnad for å dekkja fráværet. KS konsulent peikar i rapport «Mulighetsrom for innsparinger» på at ein reduksjon i sjukefráværet med 2 prosentpoeng, ville medført ei innsparing på 6,8 millionar i året. I tillegg kjem reduserte vikarutgifter. Det er difor viktig å framleis halda trykk på arbeidsmiljøtiltak som kan førebyggja sjukefrávær og sørga for god oppfølging av tilsette som vert sjukmelde, slik at dei kjem raskast mogleg tilbake i arbeid.

Helse, miljø og tryggleik

Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen.


Kommunen pliktar også å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette og kjøper denne tenesta etter anbudsrunder. Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert ivaretekne. Kommunen nyttar kvalitetssystemet Compilo til dette. I tillegg utviklar Kvam herad eigne HMS-kurs på læringsplattforma «KS kunnskap» innan ulike HMS-tema, m.a. HMS-kurs for leiarar.

Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova.

Det inneber at det ikkje skal skje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Som arbeidsplass er Kvam herad kvinnedominert med omlag 80% kvinneandel, men det er variasjonar mellom einingane. Oppvekst og helse og omsorg har klart flest kvinner tilsett, medan teknisk eining har flest menn tilsett. Det er flest tilsette i aldersgruppa 35-44 år (194), deretter følgjer aldersgruppa 45-54 år og 55-64 år tett på (188 og 183 tilsette). Snittalderen på tilsette i Kvam herad er 44,2 år. Tal frå KS og SSB viser at gjennomsnittsalderen for tilsette i kommunal sektor ligg rundt 45–46 år, så Kvam hamnar midt i dette intervallet.



Tabellen viser fordeling av talet på tilsette kvinner og menn i ulike aldersgrupper

Klimabudsjett

Kvam herad vedtok i 2021 kommunedelplan for energi og klima, med målsetjing om å redusera klimagassutsleppa med 55% innan 2030.


Direkte utslepp

Dei direkte utsleppa i Kvam herad har hatt ei jamn nedgang sidan 2009, dersom ein ser bort frå utsleppa frå industriverksemd. Dette er ein positiv trend, men det er nausynt med ei raskare utsleppsreduksjon dei komande åra for å nærma seg både nasjonale og internasjonale klimamål. Endå viktigare er det å bidra til å avgrensa klimaendringane og dei negative konsekvensane som følgjer med.

For å få eit betre bilete av utsleppsutviklinga i dei ulike sektorane, kan ein nytta grafiske framstillingar frå Miljødirektoratet. Desse syner korleis utsleppa fordeler seg over tid og mellom sektorar.

Dei største kjeldene til klimagassutslepp innanfor det geografiske området til Kvam herad er:

- Jordbruk
- Vegtrafikk
- Sjøfart
- Avfall og avløp
- Anna mobil forbrenning



Figur 1. Direkte klimagassutslepp i Kvam herad i tidsrommet 2009 til 2023, ekskludert utslepp frå industri, olje og gass. Data for 2024 er ikkje tilgjengelege før mot slutten av 2025. Kjelde: Miljødirektoratet.

I Kommunebarometeret 2025 (basert på 2024-tal) ligg Kvam på **36. plass**, mot **162. plass** året før i kategorien “klima og natur”.

Kvam herad sitt totale utslepp i 2024 låg på 5894 tonn co2 ekvivalentar, som er ei nedgang på ca. 10% frå året før. Klimagassutsleppa i Kvam herad har gått ned med 7,4 % dei siste fire åra. I same periode vart utsleppa frå vegtrafikken redusert med 8,1 %. Offentlege ladepunkt for elbilar er 8,9 per 1000 innbyggjar. Av hushaldsavfallet i Kvam vart 27,4% levert til materialattvinning eller biogassproduksjon, noko som er relativt lågt.


Indirekte klimagassutslepp frå kommuneorganisasjonen

Kvam herad har dei siste åra utarbeidd klimarekneskap ved hjelp av verktøyet *Klimakost*, utvikla av Asplan Viak. I dette verktøyet vert det registrert bruk av drivstoff og straum, samt kostnader til investeringar og innkjøp av varer og tenester. Verktøyet bereknar klimagassutslepp med utgangspunkt i eit livsløypsperspektiv, og inkluderer utslepp som skjer utanfor Noreg sine grenser.

Utrekningane er basert på sektorgjennomsnitt, noko som medfører at grønne investeringar ikkje vert synlege i klimarekneskapen. Derfor kan ikkje rekneskapen nyttast til å samanlikne utslepp over tid. Han gir likevel nyttig innsikt i kva aktivitetar som medfører høge utslepp, og kvar det finst størst utsleppspotensial.

Klimarekneskapen for 2024 viser at dei største utsleppa kjem frå investeringar i bygg og frå innkjøp av varer og tenester. Innan kategorien varekjøp er det særleg kjøp av persontransport som står for dei høgaste utsleppa. Dette peikar på at Kvam herad bør fortsetja å prioritere miljøvennlege byggjeprosessar og transportløyisingar i åra framover.

Tabellen under er basert på rapporterte data frå 2024.



Figur 2 Dei indirekte klimagassutsleppa frå kommuneorganisasjonen.

Miljøfyrtårn

Rådhuset, biblioteket og kulturskulen vart Miljøfyrtårnsertifisert i 2023 og 2024. Som eit innsparingstiltak har kommunen sagt opp sertifiseringsordninga, men kommunen vil framleis jobba aktivt med klima og miljø.

Andre tiltak:

Igjennom eigendomsstrategien har det vorte bestemt at heradet sine nye bygg skal verte sertifisert etter (minimum) BREEAM Good standard.

«Rein Hardangerfjord» vart gjennomført i september:

- **Ingen offentlig aksjon** vart arrangert av Kvam herad i 2025.
- Heradet stilte med **ryddeutstyr** (hanskar, plastsekker og storsekker) tilgjengeleg utanfor rådhuset.
- Innsamla plast kunne leverast i **container på Haugamyrvegen 20** på Sandven.
- Kvam herad oppmoda innbyggjarar til å bidra, og understreka at innsatsen er viktig for forskning og kartlegging av plastforsøpling i fjorden.

I 2025 var Kvam herad med på sykle til jobben, prosjektet motiverte fleire til å sykla og gå til arbeid, men motiverte også folk til å komma seg ut ved andre høve. Det vart til saman 124 deltakarar.

Kvam herad søkte, og fekk, stønad hjå Miljødirektoratet til å utføra ein planvask. I 2024 fekk heradet oppgradert kunnskapsgrunnlaget. ABO plan og arkitektur har jobba med planvask for Kvamskogen og i Øystese i samband med kommunedelplan og områdeplanen.

Eviny har søkt om ladepunkt for tungbil og fått midlar. Det er planlagt å legge til rette for lading for bussar ved Hardangerbadet i Øystese.

Ønska tiltak

Gebyrliste

Eigedomsgebyr

For eigedomsskatteåret 2026 gjeld fylgjande:

§ 1. Eigedomsskatt vert skriven ut på alle faste eigedomar i Kvam herad, jfr. [eigedomsskattelova §3](#) bokstav a.

§ 2. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille, jfr. eigedomsskattelova [§10](#) og [§11](#) første ledd. I medhald av eigedomsskattelova [§12](#), bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustadeigedomar og fritidseigedomar sett til 4 promille.

Botnfrådraget vert i 2026 sett til kr 350 000,-.

Innbyggjerane kan sjølv velje mellom fire alternativ. Faktura 1, 2, 4 eller 12 gongar i året. Oversikten under viser når det er forfall i dei ulike alternativa.

Vassmålar vert avlese 2 gongar i året, og heile forbruket vil bli fakturert i påfølgande månad.

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Forfall 1 gong i året				x								
Forfall 2 gonger i året				x						x		
Forfall 4 gonger i året	x			x			x			x		

Økonomiplan for 2026-2029

Forfall 12 gonger i året	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Vassmålar innmedling (forbruk vatn)						x						x

Val av terminar vert gjort på denne nettsida: [Min eigedom](#)

Slamtøming - gebyr i medhald til "Forskrift for Kvam herad for innsamling av forbruksavfall, tømning av slamavskiljarar m.v. og for avfallsgebyr" av 09.12.93.

Gebyr i medhald til "Vass- og avlaupsforskrift for Kvam herad", vedteke i Kvam heradsstyre, sak 139/24, 12.12.2024.

Forbruksgebyr blir betalt av abonnentar med bustad - eller fritidshus enten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³, eller stipulert forbruk basert på utrekna bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m³. Næringseigedomar skal ha vassmålar i henhold til forskrift.

Stipulert forbruk vert basert på utrekna bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m³. Omrekningsfaktor for stipulert forbruk for m³ /m² for bustad og fritidshus vert fastsett i samband med det årlege gebyrvedtaket.

Omrekningsfaktoren for stipulert årleg forbruk er 1,2 m³ per m² bruksareal (BRA) for bustad og 0,6 m³ per m² bruksareal (BRA) for fritidsbustad.

Særlege vilkår for tilknytningsgebyr:

For jordbruksverksemd vert tilknytningsgebyret rekna ut for samla bruksareal av våningshus og driftsbygning. For øvrige bygg vert det rekna separat tilknytningsgebyr etter vanlege reglar.

For bustad skal eingongsgebyret for tilknytning for høvevis vassforsyning og avlaup utgjera eit fast beløp pr. eining.

For andre bygg (til dømes næringsbygg) skal eingongsgebyret utgjera eit fast beløp pr. bygg, men pr. eigedom dersom eit bygg er oppdelt i fleire eigedomar, til dømes gjennom seksjonering.

Avlaup

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Abonnementsgebyr (fast gebyr)	pr. år	3 316,6	4 195,6	879,0	26,5%
Forbruksgebyr (målt eller stipulert)	pr. m ³	27,4	46,5	19,1	69,7%
Oppmøte i samband med kontroll ved fritak §6		1 208,9	1 251,2	42,3	3,5%

Økonomiplan for 2026-2029

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Tilknytingsgebyr		11 983,0	11 983,0	0,0	0,0%

Feiing

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Feiing av pipe	pr. time	552,0	455,2	-96,8	-17,5%
Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg	pr. år	552,0	489,4	-62,6	-11,3%
Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fleire piper/løp	pr. pipe	276,0	244,7	-31,3	-11,3%
Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fritidsbustad	pr. år	552,0	489,4	-62,6	-11,3%

Feiing av pipe

Per mannskap, per påbegynte time

Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg

Frå 1. januar 2024 er det ikkje mva. på feiing og tilsyn.

Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fleire piper/løp

Gjeld bustad og fritidsbustad Frå 1. januar 2024 er det ikkje mva. på feiing og tilsyn.

Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg, fritidsbustad

Frå 1. januar 2024 er det ikkje mva. på feiing og tilsyn.

Slamtøming

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
0-4 kbm, tøming annakvart år, bustadhus	pr. tank pr. år	1 493,2	1 162,4	-330,8	-22,2%
0-9,5 kbm, tøming annakvart år, bustadhus	pr. tank pr. år	2 461,0	1 914,7	-546,3	-22,2%
2 bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	1 274,2	991,3	-282,9	-22,2%
3 bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	1 087,4	846,0	-241,4	-22,2%
4 bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	919,1	715,1	-204,0	-22,2%
5 bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	761,8	592,7	-169,1	-22,2%
6 bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	669,8	521,1	-148,7	-22,2%
7 eller fleire bustadeiningar på same tank	pr. bustadeining pr. år	558,4	434,4	-124,0	-22,2%
For større tankar, tøming annakvart år, bustadhus	pr. m3 pr. år	300,8	234,0	-66,8	-22,2%
Hytter tilknytt felles slamavskiljaren	pr. hytte pr. år	558,4	434,4	-124,0	-22,2%
Tøming 4. kvart år per hytte / fritidsbustad	pr. år	819,7	637,7	-182,0	-22,2%

Vatn

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Abonnementsgebyr (fast gebyr)	pr. år	3 237,3	2 722,0	-515,3	-15,9%

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Forbruksgebyr (målt eller stipulert)	pr. m ³	26,2	27,3	1,1	4,3%
Oppmøte i samband med avstenging og påsetjing av vatn ved manglande betaling		2 265,0	2 344,3	79,3	3,5%
Oppmøte i samband med kontroll ved fritak §6		1 208,9	1 251,2	42,3	3,5%
Tilknytingsgebyr		11 983,0	11 983,0	0,0	0,0%

Barnehage

Kvam herad fylgjer statlege satsar for makspris og gjeldande lovverk for moderasjonsordningar i tråd med forskrift om foreldrebetaling.

Søskensmoderasjon for born i barnehage:

- Eldste barnet betaler 100 %
- Barn nr. 2 betaler 70 %
- Frå og med barn nr. 3 betaler 0 %

Nye prisar barnehageplass gjeld frå 1. august 2026.

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
100 % barnehageplass	pr. mnd.	1 200,0	1 200,0	0,0	0,0%
50 % barnehageplass	pr. mnd.	720,0	720,0	0,0	0,0%
Kjøp av enkelt dag	pr. mnd.	282,0	200,0	-82,0	-29,1%
Matpengar, 100 % plass	pr. mnd.	418,0	435,0	17,0	4,1%

Full barnehageplass = 45 timar pr. veke. I barnehage er juli betalingsfri månad. Betaling skjer forskotsvis. Føresette kan seia opp plassen skriftleg med 3 månads varsel rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Det fakturerast for 11 månadar (juli månad er betalingsfri).

Inga hushaldning skal betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med låg inntekt, har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen pr. veke.

Ved låg inntekt kan ein søkje om redusert foreldrebetaling, [Redusert foreldrebetaling - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](https://www.kvam.no)

SFO

Nye prisar SFO plass gjeld frå 1. august 2026.

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Ettermiddag SFO	pr. månad	2 347,0	2 430,0	83,0	3,5%
Full plass (morgon og ettermiddag)	pr. månad	3 757,0	3 890,0	133,0	3,5%
Morgon SFO	pr. månad	1 410,0	1 460,0	50,0	3,5%

Kulturskule

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Elevplass enkelttimar elevar over 20 år	pr. semester	2 821,0	2 920,0	99,0	3,5%
Elevplass enkelttimar elevar under 20 år	pr. semester	2 216,0	2 290,0	74,0	3,3%
Gruppeundervisning 45 min/ veke	pr. semester	1 108,0	1 150,0	42,0	3,8%

Økonomiplan for 2026-2029

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Gruppeundervisning 90 min/ veke	pr. semester	2 216,0	2 290,0	74,0	3,3%
Kortkurs	pr. kurs	620,0	640,0	20,0	3,2%
Leige av instrument	pr. semester	347,0	360,0	13,0	3,7%
Sal av enkelttimar med instruktør	pr. time	760,0	790,0	30,0	3,9%
Sal av instruktørtjenester	pr. årstime	21 126,0	21 860,0	734,0	3,5%

Søskensmoderasjon, 25 % reduksjon

Ferieklubben

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Dagspris		364,0	375,0	11,0	3,0%
Vekepris		1 457,0	1 500,0	43,0	3,0%

Heimetenester

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Alle måltider	pr. dag	223,0	230,0	7,0	3,1%
Frukost	pr. dag	48,0	50,0	2,0	4,2%
Klesvask (privat tøy)	pr. vask	68,0	70,0	2,0	2,9%
Klesvask (sengetøy, håndkle)	pr. mnd	380,0	395,0	15,0	3,9%
Korttidsopphald, Statleg sats	pr. dag	200,0	200,0	0,0	0,0%
Kveldsmåltid	pr. dag	48,0	50,0	2,0	4,2%
Levering av middag	pr. dag	126,0	130,0	4,0	3,2%
Middag på institusjon	pr. dag	126,0	130,0	4,0	3,2%

Korttidsopphald, Statleg sats

jfr. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester §4

Praktisk bistand

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
For inntekter 2G - 3G	pr. mnd	892,0	925,0	33,0	3,7%
For inntekter 3G - 4G	pr. mnd	1 726,0	1 785,0	59,0	3,4%
For inntekter 4G - 5G	pr. mnd	2 602,0	2 695,0	93,0	3,6%
For inntekter inntil 2G, Statleg sats	pr. mnd	240,0	240,0	0,0	0,0%
For inntekter over 5G	pr. mnd	3 355,0	3 475,0	120,0	3,6%
Maks timepris	pr. time	458,0	475,0	17,0	3,7%

For inntekter inntil 2G, Statleg sats

jfr. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester §10

Statlege satsar vert rekna etter kvar tid gjeldande sats.

Dagsenter

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
1 dag pr. veke		476,0	490,0	14,0	2,9%
2 dagar pr. veke		953,0	985,0	32,0	3,4%
3 dagar pr. veke		1 428,0	1 480,0	52,0	3,6%

Økonomiplan for 2026-2029

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
4 dagar pr. veke		1 905,0	1 970,0	65,0	3,4%
5 dagar pr. veke		2 382,0	2 465,0	83,0	3,5%
Pris pr. dag, statleg sats		115,0	115,0	0,0	0,0%

Pris pr. dag, statleg sats

Jfr. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester §4

Helsealarm

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Signalanlegg omsorgsbustad	pr. måned	239,0	248,0	9,0	3,8%
Tryggleiksalarm	pr. måned	286,0	297,0	11,0	3,8%

Varer og tenester

For bestilling: Ta kontakt på tlf 56 55 34 00

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Kamerainspeksjon	pr. time	2 252,0	2 330,0	78,0	3,5%
Konsulentarbeid	pr. time	1 284,0	1 330,0	46,0	3,6%
Kosting (med førar)	pr. time	1 446,0	1 500,0	54,0	3,7%
Oppmåling VA	pr. time	1 690,0	1 750,0	60,0	3,6%
Slamsuging-spyling (med førar)	pr. time	2 077,0	2 150,0	73,0	3,5%
Timepris for mann	pr. time	832,0	860,0	28,0	3,4%
Timepris for reinhaldar	pr. time	806,0	860,0	54,0	6,7%

Kommunale kaier

For bestilling: Ta kontakt på tlf 56 55 34 00

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Gebyr per tonn levert over kai		8,5	8,5	0,0	0,0%
Lastebåt/passasjerbåt	pr. påbyrja døgn	1 139,0	1 180,0	41,0	3,6%
Liten båt (opptil 30 fot)	pr. påbyrja døgn	171,0	180,0	9,0	5,3%
Mellomstor båt (over 30 fot)	pr. påbyrja døgn	438,0	455,0	17,0	3,9%

Ved leige av kai er ein ansvarleg for at kaien vert rydda etter bruk

Utleige kommunale bygg

Utleige er gratis til trening, basar, konkurransar, idrettsarrangement mm. for frivilluge og ideelle organisasjonar i Kvam.

Større inntektsgjevande arrangement vert fakturert etter satsar i tabellen.

Kommunale bygg vert ikkje leigd ut til privatpersonar.

Gebyr for leige av bord og stolar gjeld der stolar og bord vert tekne ut av salane.

Sesong = skuleår, haust/vår

Leige av idrettsanlegg

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
1 sal med garderobe	pr. time	294,0	305,0	11,0	3,7%
2 salar med garderobe	pr. time	405,0	420,0	15,0	3,7%
Ekstra vask eller andre utgifter som fylgje av utleige		bereknast	bereknast		
Heile hallen	pr. time	692,0	715,0	23,0	3,3%
Leige av bord	pr. stk	33,0	35,0	2,0	6,1%
Leige av scene	pr. døgn	923,0	955,0	32,0	3,5%
Leige av stol	pr. stk	23,0	25,0	2,0	8,7%
Montering av scene/amfi etc.	pr. time	0	1 000	1 000	0%
Utleige aktørar heimehøyrande i Kvam	pr. døgn	6 362,0	6 585,0	223,0	3,5%
Utleige aktørar utanfor Kvam	pr. døgn	7 617,0	7 885,0	268,0	3,5%
Utleige til inntektsgjevande arrangement i regi av frivillige og ideelle organisasjonar i Kvam, 2-12 timar		2 657,0	2 750,0	93,0	3,5%
Utleige til inntektsgjevande arrangement i regi av frivillige og ideelle organisasjonar i Kvam, inntil 2 timar		1 386,0	1 435,0	49,0	3,5%

Leige av skulerom

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Amfi	pr. time	337,0	350,0	13,0	3,9%
Ekstra vask eller andre utgifter som fylgje av utleige		bereknast	bereknast		
Gymsal med garderobe	pr. time	294,0	305,0	11,0	3,7%
Kjøken	pr. time	281,0	290,0	9,0	3,2%
Klasserom	pr. time	236,0	245,0	9,0	3,8%
Klasserom	pr. overnatting	598,0	620,0	22,0	3,7%

Leige av symjebasseng - til idrettslag

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Enkeltbillett vaksne (over 18 år)		73,0	75,0	2,0	2,7%
Enkeltbillettar born		39,0	40,0	1,0	2,6%
Sesongkort born		337,0	350,0	13,0	3,9%
Sesongkort familie		1 350,0	1 400,0	50,0	3,7%
Sesongkort vaksne (over 18 år)		676,0	700,0	24,0	3,6%

Leige av symjebasseng - til kommunen

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Symjebasseng med garderobe	pr. time	692,0	720,0	28,0	4,0%

Leige som ikkje er omfatta av tabell, skjer etter avtale.

Brann og redning

Økonomiplan for 2026-2029

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Brannførebyggjande spesialkompetanse	pr. time	1 712,0	1 770,0	58,0	3,4%
Gebyr for ikkje naudsynt utrykking	pr. utrykking	12 817,0	13 265,0	448,0	3,5%

Brannførebyggjande spesialkompetanse

Brannførebyggjande rågjeving som ikkje er dekkja av tilsynsplikt

Beredskap

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Armatur/stålerøyr/grenrøyr	pr. stk. pr. døgn	1 124,0	1 165,0	41,0	3,6%
ATV inkl. sjåfør	pr. time	1 250,0	1 295,0	45,0	3,6%
Brannslukkingsapparat - CO2	pr. stk. pr. døgn	300,0	310,0	10,0	3,3%
Brannslukkingsapparat - pulver	pr. stk. pr. døgn	300,0	310,0	10,0	3,3%
Elektrisk lensepumpe 200 l/min,	pr. dag	1 408,0	1 460,0	52,0	3,7%
Fylling av pressluftflaske	pr. flaske	209,0	215,0	6,0	2,9%
Liten brannbil inkl. sjåfør	pr. time	1 250,0	1 295,0	45,0	3,6%
Liten pumpe 400 l/min	pr. dag	3 520,0	3 645,0	125,0	3,6%
Mannskap med vanlig personleg utstyr	pr. time	1 242,0	1 285,0	43,0	3,5%
Mannskaps- eller vanntankbil, inkl. sjåfør	pr. time	4 677,0	4 840,0	163,0	3,5%
Medium pumpe 800 l/min	pr. dag	4 700,0	4 865,0	165,0	3,5%
Røykmaskin	pr. stk. pr. dag	1 057,0	1 095,0	38,0	3,6%
Røykveske	pr. liter	589,0	610,0	21,0	3,6%
Slanger	pr. stk. pr. døgn	416,0	430,0	14,0	3,4%
Stor pumpe 2000 l/min	pr. dag	7 795,0	8 065,0	270,0	3,5%

ATV inkl. sjåfør

Arbeidsoppdrag utenom utrykningsplikt. (per mannskap, per påbegynte time)

Liten brannbil inkl. sjåfør

Arbeidsoppdrag utenom utrykningsplikt. (per mannskap, per påbegynte time)

Mannskap med vanlig personleg utstyr

Arbeidsoppdrag utenom utrykningsplikt. (per mannskap, per påbegynte time)

Mannskaps- eller vanntankbil, inkl. sjåfør

Arbeidsoppdrag utenom utrykningsplikt. (per mannskap, per påbegynte time)

Eksterne kurs

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Kursinstruktør	pr. time	1 200,0	1 240,0	40,0	3,3%

Kursinstruktør

For kurs med opp til 12 deltakarar. Kvam brann og redning tilbyr ulike tilpassa kurs

Skjenke- og salsløyve, alkohol og tobakk

Frå HST-sak 060/20 – Alkoholpolitiske retningslinjer for Kvam herad 2020-2024, Del 4

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Salsløyve ved einskildhøve		740,0	765,0	25,0	3,4%
Skjenkeløyve for einskildhøve - ved avlysing		625,0	645,0	20,0	3,2%
Skjenkeløyve for einskildhøve (0-100 personar/gjestar)		740,0	765,0	25,0	3,4%
Skjenkeløyve for einskildhøve (100-200 personar/gjestar)		1 825,0	1 890,0	65,0	3,6%
Skjenkeløyve for einskildhøve (meir enn 200 personar/gjestar)		3 525,0	3 650,0	125,0	3,5%
Tilsynsgebyr for sal av tobakk (faste salsplassar)		5 120,0	5 300,0	180,0	3,5%
Tilsynsgebyr for sal av tobakk (mellombels salsplass)		1 370,0	1 420,0	50,0	3,6%

Tilsynsgebyr for sal av tobakk (faste salsplassar)

jf. tobakksal- forskrifta §33

Tilsynsgebyr for sal av tobakk (mellombels salsplass)

jf. tobakksal- forskrifta §33

Fyrverkeri

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Ekstra kontroll ved avvik		1 095,0	1 135,0	40,0	3,7%
Endra søknad etter løyve		1 292,0	1 340,0	48,0	3,7%
Fornya søknad utan endring, inkludert tilsyn		1 931,0	2 000,0	69,0	3,6%
Fyrstegongshandsaming, inkludert tilsyn		2 578,0	2 670,0	92,0	3,6%
Tillegg ved mangelfull søknad (prosent av gebyr)		25%	25%		

Avgifter ved kyrkjene

Det er heradsstyret som fastset festeavgifter ved kyrkjegardane etter framlegg frå kyrkjeleg fellesråd (Jfr. Gravplassloven § 21, 2. punkt). Heradsstyret har ikkje mandat til å avgjera om det skal takast slik avgift, men skal godkjenna taksten.

Punkt e. er heimla i Kirkeloven §-20, punkt 2: *"For benyttelse til andre formål eller kirkelige handlinger utenfor gudstjeneste kan kirkelig fellesråd kreve betaling etter nærmere regler godkjent av bispedømmerådet."*

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Festeavgift	pr. år	440,0	460,0	20,0	4,5%
Festeavgift for grav som er over 60 år	pr. år	880,0	920,0	40,0	4,5%
Festeavgift for grav ved sida (attlevande ektemake)	pr. år	440,0	460,0	20,0	4,5%
Namneplate i minnelund	pr. stk.	0	7 500	7 500	0%

Utanbygds avgift (fråflytta frå Kvam for meir enn 5 år sidan)

Økonomiplan for 2026-2029

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Gravferd/bisetjing frå kyrkje/kapell		10 700,0	11 200,0	500,0	4,7%
Kistegravferd (utan seremoni)		6 500,0	6 750,0	250,0	3,8%
Urnedsetjing		2 650,0	2 750,0	100,0	3,8%

Trykksaker

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
A1 papirkopi farge	pr. stk.	50,0	50,0	0,0	0,0%
A1 papirkopi svart/kvit	pr. stk.	30,0	30,0	0,0	0,0%
A3 papirkopi farge	pr. stk.	28,0	28,0	0,0	0,0%
A3 papirkopi svart/kvit	pr. stk.	10,0	10,0	0,0	0,0%
A4 papirkopi farge	pr. stk.	21,0	21,0	0,0	0,0%
A4 papirkopi svart/kvit	pr. stk.	3,0	3,0	0,0	0,0%
Bygdeboka		100,0	100,0	0,0	0,0%
Bygdesoga Strandedarm og Varaldsøy i gamal og ny tid		200,0	100,0	-100,0	-50,0%
Skanning (A4 og A3)	pr. stk.	3,0	3,0	0,0	0,0%
Slektsbok for Tørvikbygd mm -jf. Pris for Hardangerforlaget		200,0	200,0	0,0	0,0%
Ættebøker		200,0	100,0	-100,0	-50,0%

Digital eigedomsinfo

Kvam herad har avtaler med Infoland, ePlassen og Norkart for sal av digital eigedomsinformasjon, kart, foto og kommunale planar via Norsk Eigedomsinformasjon AS (NE). Nærare vilkår for bruk og rettar til våre digitale kart og informasjonsprodukt sjå www.infoland.no, www.eplassen.no og www.norkart.no.

Kvam herad v/rådmannen fastset pris på våre produkt i Infoland, E-Plassen og Norkart, medan NE gjer påslag for leveranseknader etc.

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %
Basiskart som vektordata, utval		bereknast	bereknast		
Brannvernpålegg		272,0	745,0	473,0	173,9%
Byggemeldingar		542,0	1 118,0	576,0	106,3%
Byggingsteikningar		380,0	1 118,0	738,0	194,2%
Ferdigattest/mellombels bruksløyve		272,0	745,0	473,0	173,9%
Historisk målebrev (skyldskiftedokument)		272,0	745,0	473,0	173,9%
Kommunale avgifter og eigedomsskatt		304,0	522,0	218,0	71,7%
Ledningskart		272,0	745,0	473,0	173,9%
Matrikkelbrev > 10 sider		0	175	175	0%
Matrikkelbrev < 10 sider		0	350	350	0%
Ortofoto		bereknast	bereknast		
Planopplysningar med føreseger		1 303,0	2 235,0	932,0	71,5%
Pålegg frå byggevesenet		272,0	745,0	473,0	173,9%
Reguleringsføresegner		304,0	745,0	441,0	145,1%
Restansar og legalplant		218,0	373,0	155,0	71,1%
Situasjonskart til byggesakshandsaming		370,0	373,0	3,0	0,8%
Tilknytning til veg, vatn og avlaup		412,0	373,0	-39,0	-9,5%
Utsnitt av kommunedelplan		304,0	522,0	218,0	71,7%
Utsnitt av kommuneplan		304,0	522,0	218,0	71,7%
Utsnitt av reguleringsplan		304,0	522,0	218,0	71,7%
Vedtekter for seksjonssameige		272,0	373,0	101,0	37,1%

Plan- og byggesaker

Forskrift om gebyrregulativ for Kvam herad er heimla i følgjande lover:

- Plan og bygningslova (PBL) § 33-1 (Sjå forvaltningslova kap. VII).
- Matrikkellova (ML) § 32 og matrikkelforskriften (MLF) § 16.
- Eierseksjonslova (EL) § 15.
- Forurensningslova § 52 a og forurensningsforskriften § 11-4.
- Havne- og farvannslova § 6.
- Forvaltningslova § 27a og forskrift 14. desember 2011 nr. 1336 om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker fastsatt med heimel i fvl §27a.
- Offentleglova § 8

Betalingsplikt

Kvam herad fakturerer sine tenester etter gjeldande gebyrforskrift på søknadstidspunktet. Reduksjon av gebyr ved for sein sakshandsaming skjer i samsvar med lov og forskrift, sjå PBL §21-7, MLF § 16 d 5, EL §7.

KS-konsulent peikar på at Kvam herad har gjennomgåande desentraliserte tenester og kort veg for brukarane. Dei peikar på at det bør vurderast kva som er *økonomisk forsvarleg*, kva som er *mogleg å gjennomføra* og om det er *samanheng mellom kvalitet og struktur*. KS-konsulent løftar fram at det er kompetanse og kvalitet hjå dei tilsette som verkar best, ikkje tal tilsette. Samstundes opplever me også at tilsette søker seg til større fagmiljø, og at me har måtte gje rekrutteringstillegg for å få tilstrekkeleg bemanning i enkelte barnehagar. Rådmannen si tilråding er, i samsvar med forskning, sats på kvalitet framfor struktur. I økonomiplanperioden ligg det inne ekstra ressursar til bemanning i barnehagen som gjev auka handlingsrom for denne tenesta, men rådmannen tilrår at heradsstyret også tek debatten om ressursane skal fordelast likt mellom barnehagane, eller dei minste barnehagane framleis skal forfordelast.

For barnehage handlar dette i hovudsak om å ha tilgang på nok kvalifiserte tilsette og korleis barnehageramma skal fordelast for å oppnå kvalitet i alle barnehagane. I vurderinga til rådmannen vil storleik på barnehage spela inn. Skal alle barnehagane få like rammer ut frå tal barn, eller skal dei mindre som Ålvik og Tørvikbygd barnehage forfordelast meir ressursar for at dei skal klara å ha forsvarleg drift, og ha same opningstid som dei større barnehagane? I praksis vil ei ressurstildeling ut frå tal barn bety at dei minste barnehage må ha kortare opningstid. Frå eit foreldreperspektiv kan dette bety at dei ikkje blir hjelpne med barnehagetilbodet i bygda dei bur i fordi opningstida vert for kort, og at dei må søkje barnet/barna til ein større barnehage. Ut frå tal barn i barnehagane i dag er det t.d. ledig kapasitet i Norheimsund barnehage til å ta inn 18 fleire barn ut frå tilgjengeleg areal. Slik overkapasitet fører til høge utgifter for areal i barnehagane. Per i dag har både Norheimsund og Tørvikbygd ledig ei heil avdeling i areal. (Barnehagane er ikkje bemanna til å ta inn barn på desse avdelingane).

Samandrag budsjett

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Øverste del av tabellen - Viser opprinneleg budsjett og budsjettjusteringar i 2025. I tillegg er det oversikt over lønns- og prisvekst mellom opprinneleg ramme i 2026 og faktiske årslønner per i dag, justering av pensjon og arbeidsgjevaravgift, eventuelle rettingar og tekniske justeringar av ramme.

Nederste del av tabellen - Viser Rådmann sitt forslag til endring i budsjett og økonomiplan 2026-2029 per tenesteområde. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	108 447	107 714	109 214	109 214
Sum Tekniske justeringar	-1 071	-1 071	-1 071	-1 071

Økonomiplan for 2026-2029

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Sum Budsjettendringer	-2 050	-2 352	-2 352	-2 352
Sum Pensjons og felleskostnader	1 528	1 528	1 528	1 528
Sum Rammeendringer i 2.tertial	3 434	3 434	3 434	3 434
Konsekvensjustert budsjett	1 842	1 540	1 540	1 540
Konsekvensjustert ramme	110 289	109 254	110 754	110 754
Innsparingstiltak				
Innsparing Oppvekst: Auka/styrka grunnbemanning redusert til nivå frå Statsbudsjettet 2025	-725	-1 580	-1 580	-1 580
Innsparing Oppvekst: Reduksjon i ramma på barnehage	564	564	164	164
Innsparing: ytterlegare reduksjon i tenestenivå	-250	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-411	-1 216	-1 616	-1 616
Nye tiltak				
Grunnbemanning i barnehage endring for barnehageår 2025/2026	-1 435	-1 435	-1 435	-1 435
Justering av arbeidsgjevaravgift B2026	146	975	451	606
Lønnsjusteringspott B2026. 4% auke	1 185	2 188	2 188	2 188
Prisjustering av personforsikring og OU kontingent B2026	-1	-1	-1	-1
Teknisk - FDV Bygg: Behov for vidareføring av materialbudsjett til vedlikehald	127	127	127	127
Teknisk: Auke i budsjettammer for husleige og fellesutgifter	-62	-62	-62	-62
Tilskot til privat barnehage 2026 - auke	2 000	0	0	0
Andre tiltak	-0	-0	-0	-0
Sum Nye tiltak	1 958	1 791	1 267	1 422
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 547	575	-349	-194
Ramme 2026-2029	111 836	109 829	110 405	110 560

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Førskole	98 128	103 316	100 947	100 318	97 357	97 678	98 699
Styrket tilbud til førskolebarn	9 685	12 196	11 992	12 646	12 772	12 721	12 896
Førskolelokaler og skyss	12 628	12 717	11 889	11 513	11 554	11 536	11 596
Sum	120 441	128 229	124 827	124 477	121 684	121 935	123 191

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	108 284	106 246	102 526	99 414	98 498	98 649	99 905
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 222	7 524	7 209	7 018	6 991	6 991	6 991
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	17 737	22 167	22 167	24 167	22 167	22 167	22 167
Overføringsutgifter	1 496	1 689	1 728	1 278	1 278	1 278	1 278
Finansutgifter	6 292	5 830	5 646	5 646	5 646	5 646	5 646
Sum Driftsutgifter	141 031	143 456	139 277	137 523	134 580	134 732	135 987
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-8 747	-7 692	-6 210	-5 562	-5 562	-5 562	-5 562
Refusjoner	-10 971	-7 535	-7 890	-7 484	-7 334	-7 234	-7 234
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-873	0	-350	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-20 590	-15 227	-14 449	-13 046	-12 896	-12 796	-12 796
Sum	120 441	128 229	124 827	124 477	121 684	121 935	123 191


Investeringsbudsjett

Investeringstabell

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	2026	2027	2028	2029	Økonomiplan 2026-29
Barnehagar							
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg			188	188	188	188	750
Sum Barnehagar	0	0	188	188	188	188	750

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Måltabell

Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Oppvekstplanen: Barnehagen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.

Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

Grunnskuleopplæring

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenestekområde: [Grunnskuleopplæring](#)

Retning for tenestekområde i økonomiplan

I 2023 vart det sett ned ei nasjonal ekspertgruppe som skulle sjå på korleis barnehage, skule og SFO kan bidra til at barn og unge får like moglegheiter i livet uavhengig av bakgrunn. Nokre av tilrådingane frå ekspertgruppa var; å sikra god overgang barnehage og skule, auka kvalitet i SFO, systematisk trening på sosioemosjonelle ferdigheiter i skule og auka bruk av mindre grupper der undervisningsopplegget er tilpassa elevane sitt nivå. Desse tilrådingane kan bidra til å jamna ut sosiale skilnader, auka sosial mobilitet og at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.

Nivå på tenesta: Grunnskulane i heradet har fått tildelt ressursar i tråd med lærarnorm og avtaleverk, og praksis har vore at det ikkje er meir enn 2 trinn som har vore slått saman til ein klasse på dei fådelte skulane. Alle skulane har i tillegg fått tildelt ekstra ressursar til elevar med omfattande behov som ikkje føl den ordinære læreplanen. Dei minste skulane har og fått småskuletillegg. Dei fire største skulane har hatt fleire miljørettleiar. Her er det gjort ein reduksjon, frå 4 stillingar til 1,6 stilling. I tillegg er det frå skuleåret 2024/2025 til 2025/2026 og gjort eit nedtrekt på skuleramma på ca 12 årsverk. I tillegg til miljørettleiarane er skulehelsetenesta og utekontakten på skulen. I komande økonomiplan er det lagt inn framlegg om å ta ned nivået på skuleramma ytterlegare ved reduksjon i individuell tilrettelagt opplæring og tildela ressursar kun etter lærarnorm ved hovudtrinn.

Både SFO og Vaksenopplæringa har høgare driftsutgifter, som i hovudsak betyr at me har meir bemanning enn gjennomsnittsnivået i landet.

Mål framover: Oppfølgingsordninga vart avslutta våren 2025 (Sjå Tilstandsrapport for grunnskulen for meir informasjon), men arbeidet med å utvikla ordinær undervisning, trygt og godt skulemiljø og leiarstøtte held fram. I det vidare arbeidet, gjennom Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, skal PPT, barnehagane og skulane jobba saman for at barn og elevar skal vera og læra i eit trygt og inkluderande fellesskap. Målet er at alle barn og elevar skal oppleve tilhøyre og meistring i klasserommet i eit trygt og godt miljø.

Mål for vaksenopplæringa er å ha eit godt opplæringstilbod innanfor eit kostnadsnivå som er på nivå med landet. Same mål gjeld og for SFO

Måltal:

- Redusera ITO frå 12,7% til nivå for landet i løpet av økonomiplanperioden.
- Tildela ressursar til grunnskulen etter lærarnorm ved hovudtrinn: 1-4 trinn, 5-7 trinn og 8-10 trinn.
- 100% av lærarane skal oppfylle kompetansekrava i norsk, matematikk og engelsk på alle trinn.
- SFO skal ha god kvalitet jfr rammeplan og lokal plan for SFO innanfor eit kostnadsnivå på nivå med landet.
- Lærarane på Vaksenopplæringa skal oppfylle kompetansekrava i Opplæringslova og integreringslova og tenesta skal driftast innanfor eit kostnadsnivå på nivå med landet.

Rådmannen vurderer at målet er realistisk sjølv med reduksjon i ressursar til skulane. Å redusera ITO krev mykje omlegging av undervisningspraksis, planar og rutinar. Gjennom vidare kompetanseheving til alle tilsette i skulane, justerte planar og rutinar og nyttig verktøy i klasserommet har rådmannen tru på at skulen på sikt vil nå målet. Det vil krevja mykje arbeid på alle nivå i skulane, og rådmannen vil derfor understreka at det medfører at skulane har ikkje kapasitet til nye utviklingsprosjekt i tida dei jobbar med å leggja om undervisningspraksis og halda fram arbeidet med trygt og godt skulemiljø.

Handlingsrom. Oppveksteininga har ein høg ressursbruk på grunnskule, SFO og svært høg ressursbruk på Vaksenopplæringa. Det må ein reduksjon til for å koma i balanse i tråd med rammetilskotet, og få tilbake eit økonomisk handlingsrom. I åra som kjem blir det færre barn og unge og fleire eldre i Kvam herad (KS-konsulent rapport s.20). I praksis betyr dette at kommunen må dreia ressursar frå barn og unge og over til eldre. For grunnskule betyr denne omfordelinga reduksjon i skuleramma både for grunnskulane, SFO og Vaksenopplæringa:

Vedtekne og framlegg til nye innsparingskrav:

- Struktur skule – delvis realisert (Tørvikbygd skule nedlagt, Oppveksttun Ålvik til vurdering)
- Redusera SFO med 2 årsverk- vedteke frå januar 2026
- Kutta mat i SFO - vedteke frå august 2026
- Redusera leiingsressurs skule 40%- vedteke frå haust 2026
- Miljørettleiar redusera frå 4 til 1,6 årsverk- vedteke frå august 2026
- Endra ressurstildeling – tildeling på hovudtrinn (1-4, 5-7, 8-10) og ikkje ta omsyn til tal klassar ut frå tidlegare klassesdelingsreglar – nytt framlegg gjeldande frå august 2026
- Redusera individuell tilrettelagt opplæring (ITO) frå 12,7% til nivå for landet innan utgang av økonomiplanperioden- nytt framlegg gjeldande frå august 2026
- Redusera skulefritidsordninga-SFO drift skal liggja på landsnettet - nytt framlegg gjeldande frå august 2026
- Vaksenopplæringa reduksjon i ramma- startar reduksjon frå januar 2026 og nytt framlegg om vidarereduksjon frå august 2026.
- Sikra riktig bruk av helsevedtak for ekstra ressurskrevjande brukarar i skulen – nytt framlegg frå januar 2026

KS-konsulent omtalar i rapporten at Kvam herad har gjennomgåande desentraliserte tenester. Dei peikar på at det bør vurderast kva som er *økonomisk forsvarleg*, kva som er *mogleg å gjennomføra* og om det er *samanheng mellom kvalitet og struktur*.

Skulestruktur: Skulestrukturen i Kvam er ressurskrevjande både økonomisk, men ikkje minst med tanke på å få tak i kvalifiserte lærarar i alle fag i alle timar. Om det er mogleg å skaffa kvalifiserte lærarar til alle skulane nokre år fram i tid med dagens skulestruktur, er rådmannen usikker på. Me klarer det ikkje i dag, og det er ikkje signal om at dette vert lettare framover. For å skapa handlingsrom, ikkje berre økonomisk, men og innan kvalitet er det rådmannen si tilråding at heradstyret tek bemanningsutfordringa med i sine vurderingar for utvikling og styring av skulesektoren framover.

Ressurstildeling: For å gje skulane auka handlingsrom innafor tildelt ramme må ein mindre av del ressursane vera knytt opp til enkeltvedtak (ITO) slik at meir ressursar kan brukast inn mot eit inkluderande læringsmiljø for alle elevane. For grunnskulane vil endra ressurstildeling bety ei «strengare» ressurstildeling som føre til at fleire elevar kjem til å gå i større elevgrupper i fleire fag og nokre skular får fleire trinn i same klasse. I følge KS konsulent, som har teke utgangspunkt i 2024-tal, ligg det eit potensiale for å redusera utgiftene med fleire millionar ved ei slik endring. Ei slik endringa gir økonomisk handlingsrom, samtidig må rådmannen sikra at dei tilsette som skal undervisa i fådelte klassar får kompetanseheving og opplæring i å organisera og undervisa fådelte klassar.

Individuell tilrettelagt opplæring (ITO): Som nemnt peikar KS på at det er eit stort økonomisk handlingsrom som kan frigjerast ved å redusera ITO. Rådmannen er einig i dette, og vil leggja til at det viktigaste er at det også er mykje å henta for elevane, både fagleg og sosialt i at skulane blir betre på inkluderande opplæring og universelle tiltak som kan inkludera fleire elevar i klasserommet. Dei aller fleste elevane ynskjer å vera i klassen. Det bidrar til at dei kan læra med kvarandre og av kvarandre. Det er i hovudsak elevar med få timar ITO i veka (2-5t) som i mykje større grad enn i dag bør få all si undervisning i eit inkluderande læringsmiljø. Dette arbeidet er allereie i gang, og kjem til å halda fram i heile økonomiplanperioden.

Skulefritidsordning (SFO): Det har vore ei satsing på SFO, med felles plan med lokale kvalitetsstandard for innhald og aktivitetar for skulefritidsordning. Ei god SFO er tett integrert med skulen og bidreg til heilskap og samanheng i eleven sin kvardag. SFO gir barn moglegheit til å læra gjennom lek, kreativitet og fysisk aktivitet. Trygge og kompetente vaksne på SFO som ser barna og byggjer gode relasjonar er avgjerande for å skape eit trygt og utviklande miljø. Dette kan styrkar både motivasjon og meistringskjensle, og kan vera ei brikke i å førebyggja skulevegring og utanforskap.

Men SFO i Kvam har eit høgt kostnadsnivå, som i hovudsak heng saman med vaksentettleiken på SFO. KS-konsulent peikar på at høg kvalitet på SFO er bra, men me må vega dette opp mot kva me har råd til. Eit av tiltaka for å koma i økonomisk balanse i er å redusera driftskostnadene på SFO og få dei ned mot same kostnadsnivå som landet. Dette kan gjerast på fleire måtar. Ein kan behalda dagens forskrift om bemanning som er god, men då tildela mindre ekstra ressursar til barn med ulike funksjonsutfordringar. Eller ein kan endra forskrift om bemanning og ha ein annan måte å tildela ressursar på. Dette er noko som må jobbast med fram mot neste skuleår. Dersom det blir behov for å endra forskrifta for å koma ned på kostnadsnivå med landet vil heradstyret få ei sak om endring av SFO-forskrift til handsaming.

Vaksenopplæring (VO): Vaksenopplæringa har ein høg ressursbruk utan at KS konsulent ser at det er særlege grunnar som talar for at det bør vera slik framover. Rådmannen si vurdering er at det er mogleg å redusera i ramma til Vaksenopplæringa og likevel ha god kvalitet på tenesta. Det ligg ein usikkerheit i kor langt ned ein kan ta ramma, og om nedgangen i mottak av flyktningar held fram. Dette er noko som må vurderast våren 2026, når ein ser på korleis ein kan organisera vaksenopplæringa på eit kostnadsnivå som er omlag på landssnittet.

Samandrag budsjett

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Øverste del av tabellen - Viser opprinneleg budsjett og budsjettjusteringar i 2025. I tillegg er det oversikt over lønns- og prisvekst mellom opprinneleg ramme i 2026 og faktiske årslønner per i dag, justering av pensjon og arbeidsgjevaravgift, eventuelle rettingar og tekniske justeringar av ramme.

Nederste del av tabellen - Viser Rådmann sitt forslag til endring i budsjett og økonomiplan 2026-2029 per tenesteområde. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	186 862	183 650	181 650	181 650
Sum Tekniske justeringer	2 161	2 161	2 161	2 161
Sum Vedtak forrige periode	0	0	0	648
Sum Budsjettendringer	-5 354	-4 850	-5 350	-5 350
Sum Pensjons og felleskostnader	-124	-114	-108	-108
Sum Rammeendringer i 2.tertial	1 565	1 565	1 565	1 565
Konsekvensjustert budsjett	-1 752	-1 238	-1 732	-1 084
Konsekvensjustert ramme	185 109	182 412	179 918	180 566
Innsparingstiltak				
Innsparing Oppvekst KS: Endra ressurstildeling skule	-2 000	-4 000	-4 000	-4 000
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	0	0	0	-670
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon voksenopplæringa	-1 200	-2 000	-2 800	-2 800
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	-3 000	-6 000	-7 500	-9 400
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO ytterligere	0	0	-2 000	-4 000
Innsparing Oppvekst KS: Redusere skulefritidsordninga - SFO	-350	-700	-700	-700
Innsparing Teknisk KS: Reduksjon av 1,2 årsverk innan reinhald	-265	-335	-335	-335
Innsparing Teknisk: Redusere 0,3 årsverk reinhald ifbm flytting til ny vidaregåande skule	-130	-130	-130	-130
Innsparing: ytterlegare reduksjon i tenestenivå	-250	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-7 195	-13 365	-17 665	-22 235
Nye tiltak				
Bruk av lokale i ny vidaregåande skule – bibliotek, voksenopplæring og kino	600	600	600	600
Endring av teneste Ferie SFO	233	235	235	235
Justering av arbeidsgjevaravgift B2026	-706	531	519	-82
Lønnsjusteringspott B2026. 4% auke	2 148	4 025	4 025	4 025
Prisjustering av personforsikring og OU kontingent B2026	46	46	46	46
Skule - kjøp av nytt administrasjonsprogram	0	0	0	0
Teknisk - FDV Bygg: Behov for vidareføring av materialbudsjett til vedlikehald	222	222	222	222
Teknisk: Auke i budsjetttrammer for husleige og fellesutgifter	-122	-122	-122	-122
Andre tiltak	0	0	0	0
Sum Nye tiltak	2 421	5 536	5 524	4 924
Nye tiltak og realendringer budsjett	-4 774	-7 829	-12 141	-17 311
Ramme 2026-2029	180 335	174 584	167 777	163 255

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Grunnskole	154 022	168 757	169 650	164 135	159 534	153 748	151 100
Voksenopplæring	4 572	8 801	8 323	7 125	4 936	3 648	3 721
Skolefritidstilbud	8 696	10 808	9 083	8 316	8 063	8 021	8 168
Skolelokaler	26 618	27 125	25 028	25 541	25 561	25 525	25 646
Skoleskyss	4 549	4 121	4 621	4 620	4 620	4 620	4 620
Sum	198 457	219 612	216 704	209 737	202 714	195 562	193 255

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rev.budsjett 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	182 223	196 837	192 359	186 748	180 026	172 894	170 848
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	25 356	21 963	21 860	19 436	19 086	19 086	19 086
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 565	3 325	3 078	3 169	3 169	3 169	2 883
Overføringsutgifter	4 456	4 189	4 429	4 355	4 355	4 355	4 355
Finansutgifter	15 674	13 673	15 616	15 616	15 616	15 616	15 616
Sum Driftsutgifter	231 274	239 988	237 342	229 325	222 253	215 121	212 790
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 290	-1 341	-1 377	-1 894	-1 894	-1 894	-1 894
Refusjoner	-24 428	-18 935	-18 330	-17 594	-17 545	-17 565	-17 540
Overføringsinntekter	-2	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-7 096	-100	-931	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	-32 817	-20 376	-20 639	-19 589	-19 539	-19 559	-19 535
Sum	198 457	219 612	216 704	209 737	202 714	195 562	193 255


Investeringsbudsjett

Investeringstabell

Beløp i 1000

	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum Økonomiplan
Investeringsprosjekter	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	2026	2027	2028	2029	2026-29
Grunnskuleopplæring							
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg			3 400	1 500	1 500	1 500	7 900
0*Norheimsund skule - uteområde	7 125	-5 000	6 500	0	0	0	6 500
0*Ombygging Øystese barneskule	147 500	0	63 750	83 750	0	0	147 500
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg			635	750	750	750	2 885
0*Skule - inventar og utstyr - årleg			188	188	188	188	750
0*Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule	1 875	0	1 875	0	0	0	1 875
Sum Grunnskuleopplæring	156 500	-5 000	76 348	86 188	2 438	2 438	167 410

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Måltabell

Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Oppvekstplanen: Barnehaugen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehaugen og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.

Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

Kommunehelse

Innleiing

Link til beskriving av tenesteområdet: [Kommunehelse](#)

Retning for tenesteområde i økonomiplan

Førebygging barn, unge og familiar - retning i økonomiplanperioden

Ei heilskapleg tilnærming til samfunnsutvikling handlar ikkje berre om planlegging og infrastruktur, men òg om å skapa gode rammer for menneskelege møte, livskvalitet og sosial berekraft. Arbeid med inkludering og førebygging av utanforskap er samfunnsutvikling i praksis. KS konsulent peikar på at Kvam herad har lågare utanforskap enn mange andre kommunar, men 6 % av ungdomane i kommunen i alderen 16-29 år er verken i arbeid, utdanning eller tiltak. Dette utgjer 81 unge som ikkje har noko tilbod i kvardagen sine. For at me skal få ned dette talet må me som kommune samla sett jobba for at fleire skal meistra eige liv.

I rapporten «Sterke fellesskap» har barn og unge i Kvam uttala kva dei meiner er viktig å ha fokus på framover:

- God psykisk helse
- Medverknad og inkludering
- Trivsel på skulen

Ei arbeidsgruppe frå ulike tenester i heradet jobba vinter/vår 2025 med innhald/organisering i førebygging- og fritidsfeltet. I medverknadsprosessen vart det uttrykt at å kjenna kvarandre er førebygging i praksis, og det kom det fram tre sentrale punkt som kan gje retning for det førebyggjande arbeidet i åra som kjem:

- **24 -timarsbarnet**
 - Raud tråd mellom arenaene barn og unge lever liva på:
 - **Heimen:** trygge foreldre, sterke foreldrefellesskap
 - **Fritida:** å delta i fritidsaktivitetar er ein beskyttande faktor
 - **Dei kommunale tenestene:** Skule og barnehage er dei mest sentrale for at barn og unge skal ha det bra, men alle tenestene har ansvar for å *skapa felles språk og forståing*
- **Halda fast i systema som er laga og utvikla dei vidare**
 - «Reisverket» vårt for førebyggjande arbeid i Kvam er oppvekstplanen, plan for førebyggjande arbeid, BTI (Betre tverrfagleg innsats), fritidserklæringa
- **Tverrfagleg samarbeid**
 - Halda fast på det tverrfaglege samarbeidet sjølv om kvar enkelt teneste må løysa sine lovpålagte tenester

Mål framover: Ta med oss faglege råd frå forskarar og kompetansemiljø om kva tiltak som virkar. Prioritera det som har effekt, og tiltak inn mot dei yngste barna. Vidareutvikla systema våre og sikra ein raud tråd og samhandling mellom arenaene som barn og unge lever liva sine på.

Måltal:

- I slutten av økonomiplanperioden har Kvam herad 5 færre unge i alderen 16-29 år som er utan arbeid, utdanning eller tiltak
- Elevar i grunnskulen har trivsel over landsnittet
- Elevar på ungdomstrinn melder om betre psykisk helse enn landsnittet
- Førebyggjande arbeid bør halda fram i tråd med overordna retningslinjer og vedtekne planar og strategiar innan til ei kvar tid tildelte rammer.

Det er allereie vedteke innsparing på førebygging og fritidsfeltet:


- Redusera førebyggjande arbeid barn og unge med 0,5 mill i 2026 og auka dette til 1.mill i 2027. (1 million er realisert hausten 2025 ved turnover)
- Redusera utekontakt med 0,7 årsverk og overføra tilsvarandre utekontaktoppgåver til fritidskoordinatorstillinga – frå 2027
- Innsparing fritidsfeltet 2.mill - frå 2026
- Redusera miljørettelærstillingane frå 4 årsverk til 1,6 årsverk - frå 2026
- Foreldreveiledning introduksjonsprogrammet- må løysast innanfor ordinær ramme f.o.m 2025.

Arbeid med å realisera innsparingskrava er i gang. Vidare arbeid i 2026 handlar m.a om:

- Avklara familiesenteret(kommunepsykolog for barn og unge og utekontakt) si organisering og innhald. Korleis løysa oppgåvene med færre ressurs og meir samarbeid på tvers.
- Avklara innhald og prioritering av oppgåver i fritidskoordinatorstilling då ho frå 2027 skal innehalda ca 50% utekontaktoppgåver.
- Vurdera kva teneste som innanfor si ramme skal utføre lovpålagt foreldreveiledning jmf introduksjonsprogrammet.
- Vurdera kva fritidsfeltet skal prioritera med reduserte rammer frå 2026

Handlingsrom førebygging:

Nobelprisvinnaren James Heckman har forska på samfunnsøkonomiske effektar av tiltak og program. Forskinga hans viser at det er tiltak gjort for dei yngste aldersgruppene som har størst effekt på seinare livskvalitet og som også samfunnet får best avkastning økonomisk.



Om me føl Heckman sine funn må me prioritera mest ressursar inn mot dei yngste barna. I praksis betyr dette:

- Tidleg innsats og førebygging framfor reperasjon
- Heilskapleg og tverrfagleg tilnærming(BTI)
- Styrking av relasjonskompetanse og trygge vaksne
- Likeverdige tenester uavhengig av sosial bakgrunn

For å skapa handlingsrom må heradet prioritere tidleg innsats og heilskaplege tiltak for barn og unge. Slik legg kommunen grunnlaget for betre helse, høgare utdanningsnivå, lågare kriminalitet og auka sysselsetjing i befolkninga. Dette er ikkje berre ei investering i enkeltmenneske, men i heile samfunnet si berekraft og velferd.

Tenestene i heradet har over år jobba i tråd med dei fire kulepunkta. Likevel viser KS-rapporten at Kvam herad har 81 unge vaksne i alderen 16-29 år utan arbeid, skuletilbod eller tiltak. Dette viser at utanforskap er vanskeleg å demma opp for, men me kan likevel ikkje stoppa opp arbeidet, men ha tru på langtidseffektane som forskning viser til, og jobba i tråd med deira anbefalingar. Men det er viktig å huska på at «kommunen min» ikkje kan løysa alt. Me må ta eit større ansvar for eige liv og medmenneska rundt oss. Kommunen skal prioritera dei som ikkje har føresetnader for å ta ansvar for eige liv og dei som ikkje har nettverk å støtta seg på.

Det er allereie vedteke reduksjon i rammene til førebygging og fritidsfeltet. Rådmannen tilrår ikkje å leggja inn meir innsparing på førebygging, og tilrår at administrasjonen jobbar vidare med korleis me kan halda fram med fokus på førebygging med færre ressursar, og med meir samarbeid på tvers internt av avdelingar og fag og ekstern i samarbeid med føresette, frivillige lag og organisasjonar og ulike kompetansemiljø.

Legetenesta:

Kvam herad har ansvar for å sørge for at alle innbyggjarar i kommunen har fastlege. Rekruttering av fastlegar er og vil vera utfordrande for kommunane. Dei fleste fastlegane som Kvam har rekruttert dei seinare åra er legar som er i eit utdanningsløp for å bli spesialist i allmennmedisin. Dette gjer at kommunen må legge til rette for krav i utdanningsløpet som rettleiing, kurs etc. og verksemdsoverdraging av fastlegekontor. Dette fører til auka kostnader. I budsjettframlegget ligg det fleire framlegg om nye tiltak for å få tenesta til å fungera, då tenesta har mange som ikkje har full kapasitet under utdanninga. Det er difor føreslått å auka rammene til ein LIS-lege til, mindre %-vis auke på helsestasjon og ALIS-rettleiing. Rådmannen føreslår også å auka satsen for subsidieringa til dei næringsdrivande legane frå å dekkja forskjellen mellom det staten dekkar og kr 1.000 per pasient, til kr 1.050 per pasient. Satsen har ikkje vore endra sidan starten. På grunn av staten si omlegging av sine tilskotsordningar, har gjeldande subsidiering liten effekt for enkelte av legane, då nokre har kome over dette nivået i tilskot frå staten, og etterlyser nivåheving. Totalt vil auken utgjera 0,3 mnok meir til å drifta denne tenesta, men auken er ikkje innarbeidd i talgrunnlaget og ligg som eit eige vedtakspunkt. Legeforeininga har bedt om ein høgare auke og ei omgjering til ein prosentvis sats eller eit fast tillegg per pasient. Ut frå den økonomiske situasjonen til kommunen, tilrår rådmannen 5% auke.

For å drifta ei berekraftig og økonomisk forsvarleg legeteneste, tek rådmannen opp at forslaget om å leggja ned utekontora i Strandebarm og Ålvik.

Rådmannen har også fått i oppdrag å utgreia eit felles legekontor. Denne utgreiinga er ikkje starta endå på grunn av manglande kapasitet. Felles legekontor var tema i tidlegare forhandlingar, men samtalanane med næringsdrivande kontor må takast opp att.

Teneste for Rus og Psykiatri (ROP-Tenesta):

Tenesta held fram som eit lågterskel tilbod til alle innbyggjarane i Kvam herad. Tenesta har dei siste åra hatt ei auke i tilvisingar. Det er i stor grad fastlegar som tilviser til tenesta. Tenesta driftar og har ansvar for Kanskje-kafe. Tenesta gjennomfører innsparing med å kutta stillinga erfaringskonsulent og gjennomfører eit nedtrekt i tenestebilar i 2026.

Tenesta har behov for å kunne oppretta eit bufellesskap og eit heildøgnsstilbod for personar med psykiske lidingar. Rådmannen arbeider med ei løysing innanfor dei samla rammene som Helse- og omsorgseininga har. Truleg kan fristilte bustader i tenesta for heildøgnsomsorg i pleie og omsorg nyttast, og igjen frigje plassar i andre bufellesskap, med ei omrokking for både MMU-tenesta og ROP-tenesta.

Ergo- og Fysioterapitenesta:

Helse og omsorgstenesta har som overordna mål at flest mogleg skal ha eit godt liv i eigen heim. Tidleg innsats og meir satsing på tenester til heimebuande er sentralt. Ergo- og fysioterapitenesta må difor fortsetja med å dreia tenestetilbodet mot meir tilrettelegging i bustad, meir bruk av tekniske hjelpemidlar og meir trening- og aktivitetstilbod for dei ulike brukargruppene. Tenesta vil vera med å vidareutvikla det tverrfaglege rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i tråd med tiltak i temaplanane. Med auka tal eldre vil det ikkje vera nok å dreie tenesta men krev meir ressursar om me skal driva tenesta på same måte som i dag. Allereie no syner arbeidet i demensteamet at det er eit auka behov, spesielt kommune-ergoterapeuten har auke i oppgåvene her.

Fysisk aktivitet og tilrettelagt trening har stor effekt på eiga helse. Nye behandlingsmetodar legg opp til meir trening som alternativ til operasjon, ofte då med lange oppfølgingsløp. Parallelt er det også stort behov for opptrening etter operasjonar. Det er viktig at tenesta følg opp nasjonale råd og utviklingstrendar og utviklar tenestetilbodet i tråd med desse.

Barn og unge si psykiske helse er satsingsområde nasjonalt. Ergo- og fysioterapitenesta har ei viktig rolle her med å gje born og unge moglegheit for motorisk meistring, trygghet i eigen kropp og strategiar for å ha ei god fysisk og psykisk helse. Fysioterapi for born og unge er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Dei private fysioterapiinstitutta er i eit generasjonsskifte. Spesialistkompetanse innan ulike fagområde skal erstattast. Dette er viktig å ta med i vidare rekrutteringsarbeid. Dagens struktur med desentraliserte tilbod og den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også ergo- og fysioterapitenesta. Det vert viktig å vurdera dagens struktur med desentraliserte tilbod parallelt med vurderingar og utfordringar i legetenesta.

Samandrag budsjett

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Øverste del av tabellen - Viser opprinneleg budsjett og budsjettjusteringar i 2025. I tillegg er det oversikt over lønns- og prisvekst mellom opprinneleg ramme i 2026 og faktiske årslønner per i dag, justering av pensjon og arbeidsgjevaravgift, eventuelle rettingar og tekniske justeringar av ramme.

Nederste del av tabellen - Viser Rådmann sitt forslag til endring i budsjett og økonomiplan 2026-2029 per tenesteområde. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	45 960	45 473	45 473	45 473
Sum Tekniske justeringar	-2 218	-2 218	-2 218	-2 218
Sum Budsjettendringar	-2 868	-2 633	-2 644	-2 645
Sum Pensjons og felleskostnader	119	119	119	119

Økonomiplan for 2026-2029

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Sum Lønns- og prisvekst	150	150	150	150
Sum Rammeendringer i 2.tertial	268	268	268	268
Konsekvensjustert budsjett	-4 548	-4 314	-4 325	-4 325
Konsekvensjustert ramme	41 412	41 159	41 148	41 148
Innsparingstiltak				
Innsparing helse KS: Legge ned utekontor i Strandebarm	-700	-700	-700	-700
Innsparing helse KS: Legge ned utekontor i Ålvik	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Innsparing Helse: Generell innsparing	111	111	111	111
Innsparing Helse: midlertidig 0,6 årsverk	472	0	0	0
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	0	0	0	-670
Innsparing Oppvekst: 1 årsverk tidleg innsats barnevern	-479	-479	-479	-479
Innsparing Oppvekst: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge	959	959	959	959
Innsparing Teknisk KS: Oppseiing av leigeavtale for 3. etasje i Tingbakken	0	0	-18	-52
Sum Innsparingstiltak	-737	-1 210	-1 228	-1 932
Nye tiltak				
Auke 3% på lege ved helsestasjon	55	55	55	55
Auke 7% på Alis-veiledar	100	100	100	100
Auke med 1 årsverk - LIS-1 lege	340	340	340	340
Intern omfordeling mellom kontoar legetenesta	128	128	128	128
Justering av arbeidsgjevaravgift B2026	2 104	2 363	2 350	2 424
Lønnsjusteringspott B2026. 4% auke	634	1 087	1 087	1 087
Prisjustering av personforsikring og OU kontingent B2026	13	13	13	13
Teknisk - FDV Bygg: Behov for vidareføring av materialbudsjett til vedlikehald	10	10	10	10
Teknisk: Auke i budsjettrammer for husleige og fellesutgifter	409	409	409	409
Andre tiltak	0	0	0	0
Sum Nye tiltak	3 792	4 505	4 492	4 566
Nye tiltak og realendringer budsjett	3 055	3 295	3 264	2 634
Ramme 2026-2029	44 467	44 454	44 412	43 782

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	11 902	10 943	10 169	12 103	11 475	11 425	10 888
Annet forebyggende helsearbeid	1 726	3 221	3 097	4 365	4 408	4 391	4 450
Diagnose, behandling, re-/habilitering	35 978	40 852	38 042	33 654	33 937	33 793	34 162
Tilbud til personer med rusproblemer	0	10	0	-0	-0	-0	-0
Sum	49 606	55 025	51 307	50 122	49 821	49 609	49 501

Fordeling på hovudart


Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	40 733	49 687	45 947	43 662	43 360	43 166	43 092
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 150	7 775	7 922	8 404	8 404	8 386	8 352
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	16 612	14 938	14 938	15 055	15 055	15 055	15 055
Overføringsutgifter	1 186	1 009	1 513	1 513	1 513	1 513	1 513
Finansutgifter	797	163	288	288	288	288	288
Sum Driftsutgifter	70 477	73 571	70 607	68 922	68 620	68 408	68 300
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4 813	-4 042	-4 292	-4 292	-4 292	-4 292	-4 292
Refusjoner	-15 115	-13 566	-14 070	-14 070	-14 070	-14 070	-14 070
Overføringsinntekter	-526	-937	-937	-437	-437	-437	-437

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-417	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-20 871	-18 545	-19 299	-18 799	-18 799	-18 799	-18 799
Sum	49 606	55 025	51 307	50 122	49 821	49 609	49 501

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Måltabell

Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskapleg tilbod

Det skal vera brukarmedverknad i planleggings-, utgreiings-, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta
Helse og omsorg skal skapa framtidsetta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod

Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbedring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad

Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møte veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver

Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid

Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.

Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Pleie og omsorg

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenestekområde: [Pleie og omsorg](#)

Retning for tenestekområde i økonomiplan

Kvam herad skal vere eit godt samfunn å leve i heile livet der alle skal føle seg som ein verdsett del av fellesskapet med tryggleik, meistring i kvardagen og fleire aktive leveår med god helse og trivsel. Målet er at fleire eldre skal bu heime så lenge som mogeleg.

Visjonen legg vekt på både livskvalitet og berekraft: Tenestene skal organiserast slik at dei har god fagleg kvalitet, er økonomisk forsvarlege og har tilgjengeleg personell over tid, samstundes som innbyggjarane får rett hjelp til rett tid. På bakgrunn av dette er målet for pleie og omsorg i Kvam herad at 13 % av personar over 80 år, og som har behov for det, skal få tilbod om heildøgns omsorgsplass. Det betyr at når ein fyrst kjem inn i institusjon, vil pleiebehov vere stort og ein vil trenge sjukeheimplass. Fleire vil gå direkte frå heim til sjukeheim.

I rapporten frå KS Konsulent *Mulighetsrom for innsparingar* står det:

Ressursbruken innen helse og omsorg økt kraftig i Kvam herad siden 2022. Dette skyldes flere forhold som blir beskrevet i dette kapitlet, men spesielt at det blir flere eldre er en av grunnene. Samtidig ser vi at tjenestenivået er høyt.

Det er forholdsvis mange innbyggere i Kvam som mottar hjemmetjenester. I aldersgruppen under 67 år er det 241 personer som mottar denne tjenesten, fra 67 – 79 år er det 92 personer og over 80 år er det 177 personer. I snitt koster hjemmetjenesten kr. 314 795 pr. bruker. Det vil si at til sammen koster denne tjenesten rundt 166 mill. kroner i 2024.

Økningen i hjemmebaserte tjenester har sammenheng med både en økning i antall brukere og kostnaden per bruker. Korrigert for inflasjon økte enhetskostnaden fra i gjennomsnitt 238 tusen kroner per bruker i 2021 til 345 tusen kroner i 2023, før kostnaden ble redusert i 2024.

En like viktig forklaring er imidlertid økningen i antall brukere. Fra 2022 til 2024 var det en betydelig vekst i brukere av hjemmetjenesten i aldersgruppen 0-67 år, på 0,8 prosentpoeng av innbyggere. Samtidig som det var en økning i aldersgruppen 67 – 79 år.

Pleie og omsorg tenestene i Kvam skal i denne økonomiperioden arbeida for å oppretthalde den gode kvaliteten på tenestene, men ein må finne nye måtar å løyse oppdraget på. KS Konsulent peikar på at det er rom for å levera gode tenester, men med mindre ressursbruk.

Samandrag budsjett

Generell forklaring til tabellen Driftsbudsjett med endringar

Øverste del av tabellen - Viser opprinneleg budsjett og budsjettjusteringar i 2025. I tillegg er det oversikt over lønns- og prisvekst mellom opprinneleg ramme i 2026 og faktiske årslønner per i dag, justering av pensjon og arbeidsgjevaravgift, eventuelle rettingar og tekniske justeringar av ramme.

Nederste del av tabellen - Viser Rådmann sitt forslag til endring i budsjett og økonomiplan 2026-2029 per tenesteområde. Ved å halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak.

“Innsparingstiltak” er forslag til innsparingar på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

“Nye tiltak” er forslag til endringa på budsjett 2026 og økonomiplan 2027-2029 på det aktuelle tenesteområdet.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	256 380	256 369	256 369	256 369
Sum Tekniske justeringer	7 141	7 141	7 141	7 141
Sum Vedtak forrige periode	0	-200	-200	-200
Sum Budsjettendringar	6 452	6 030	6 030	6 030
Sum Pensjons og felleskostnader	-1 564	-1 564	-1 564	-1 564
Sum Lønns- og prisvekst	-83	-83	-83	-83
Sum Rammeendringar i 2.tertial	2 362	2 362	2 362	2 362
Konsekvensjustert budsjett	14 309	13 686	13 686	13 686
Konsekvensjustert ramme	270 689	270 056	270 056	270 056
Innsparingstiltak				
Innsparing helse KS: Omlegging fra bolig med heldøgns omsorg til hjemmebaserte tjenester, brukere over 80 år	-1 650	-3 300	-6 600	-9 000
Innsparing helse KS: Justering av vedtakstimer, Redusere vedtakstimer på hjemmesykepleie for de som er i omsorgsboliger og i aldersgruppen 0 – 66 år	-1 000	-3 000	-6 000	-11 000
Innsparing helse KS: Redusere utgifter pr. beboer på institusjon	-1 000	-2 000	-3 000	-4 000
Innsparing helse KS: Redusere vikarbruk	-1 000	-3 000	-4 000	-5 000
Innsparing helse KS: Utvide ansvar for leiarstilling for legetenesta	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Innsparing Helse: Generell innsparing	2 742	3 014	3 014	3 014
Innsparing Helse: Generell innsparing	1 638	863	863	863
Innsparing Helse: Legga ned ytterligere 8 omsorgsbustader på Tolo omsorg + omgjerung av plassar i Strandebarm	-3 200	-3 200	-3 200	-3 200
Innsparing Teknisk KS: Oppseiing av leigeavtale for 3. etasje i Tingbakken	0	0	-54	-156
Innsparing Teknisk KS: Reduksjon av 1,2 årsverk innan reinhald	-175	-270	-270	-270
Sum Innsparingstiltak	-4 845	-12 093	-20 447	-29 949
Nye tiltak				
Auke 5% stilling til sjukeheimslege/tilsynslege	95	95	95	95
Budsjett ressurskrevjande brukarar 2026	-5 759	-5 759	-5 759	-5 759
Innsparing Helse: Generell innsparing	-515	-515	-515	-515
Innsparing Helse: Redusera persontransport dagaktivitet/avlastning	515	515	515	515
Intern budsjettering på administrasjon	-8	-8	-8	-8
Intern omfordeling mellom kontoar legetenesta	-128	-128	-128	-128
